

# Austevoll kommune

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse  
Kommuneplanen sin arealdel 2022-2040



## Dokumentinformasjon

|                    |   |
|--------------------|---|
| Oppdragsgjevar:    | Austevoll kommune   |
| Tittel på rapport: | Austevoll kommune   |
| Oppdragsnamn:      | Planmateriale til KPA , Austevoll kommune   |
| Oppdragsnummer:    | 624130-01   |
| Utarbeidd av:      | Kjersti Ingolvsdotter Vevatne, Karianne Eriksen, Anette Gundersen, Rune Lunde, Birgit Katrine Rustand, Steinar Onarheim Torbjørn Eidsheim Bøe, Lene Lindhardt Hammer, Ingrid Hjort, Nina Gjester Hoel, Anniken Aalerud, Frode Edvardsen |
| Oppdragsleiar:     | Kjersti Ingolvsdotter Vevatne   |
| Tilgjenge:         | Åpen  |

## Kort samandrag

Denne rapporten er ei konsekvensutgreiing og ROS-analyse, gjort i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel for Austevoll kommune. Gjeldande arealplan er vedteken i 2013.

For alle utbyggingsområde og framlegg til ny arealbruk, er det gjort ei detaljert konsekvensutgreiing. Her har ein fått fram utfordringar og viktige problemstillingar, med forslag til eventuelle førebyggjande og/eller avbøtande tiltak. Positive og negative verknader er vist for fleire ulike tema. Konsekvensen er samanstilt med ei samla vurdering.

Plan- og bygningslova stiller krav om ROS-analysar ved alle planar før utbygging. Denne analysen viser risiko- og sårbartilhøve som er vesentlege for om arealet er eigna for utbygging, og eventuelle endringar i risiko og sårbartilhøve som følgje av utbygginga, jf. pbl § 4-3.

Mål for arbeidet har vore å få fram alle relevante arealtilhøve, slik at dette kan leggest til grunn i kommunen sitt arbeid med ny kommuneplan for Austevoll.

---

|     |               |           |           |     |
|-----|---------------|-----------|-----------|-----|
| 01  | 21. apr. 2022 | KU og ROS | KIV       | NGH |
| Ver | Dato          | Skildring | Utarb. av | KS  |

Vurderingane i KU og ROS er generelle og peiker på *potensial for konflikt eller risiko*. For dei fleste innspelsområda og endringane må det gjerast grundigare vurderingar i neste fase, der til dømes. nye kartleggingar kan endre biletet. Dette kan avdekka tilhøve og kunnskap som ikkje var kjent då desse vurderingane vart gjort.

*Framsdebilde: Horgo, Austevoll. Foto: Rune Haugseng, unsplash.com.*

## Forord

Asplan Viak AS har vore engasjert av Austevoll kommune for å gjera konsekvensutgreiing med ROS-analyse av innspel til rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Erik Kyvig og Stina Nordbak har vore Austevoll kommune sin kontaktperson.

Utgreiingane er gjort ut frå kjende kjelder og informasjon som er offentleg tilgjengeleg.

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne har vore oppdragsleiar. Nina Gjester Hoel har vore kvalitetssikrar.

Bergen, 21.04.2022

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne  
Oppdragsleiar

Nina Gjester Hoel  
Kvalitetssikrar

# Innhald

|      |   |    |
|------|---|----|
| 1.   | Samandrag   | 6  |
| 1.1. | Bakgrunn og innleiing                                   | 6  |
| 1.2. | Metode og kunnskapsgrunnlag                             | 6  |
| 1.3. | Verdiar og viktige tilhøve i Austevoll                  | 10 |
| 1.4. | Konsekvensutgreiing og ROS-analyse                      | 12 |
| 1.5. | Samla vurderingar                                       | 15 |
| 2.   | Innleiing   | 23 |
| 2.1. | Planprogram og føremålet                                | 23 |
| 2.2. | Krav om konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse | 24 |
| 2.3. | Innleiande arbeid for konsekvensutgreiinga              | 25 |
| 3.   | Metode, kjelder og innhald                              | 26 |
| 3.1. | Metode for konsekvensutgreiinga                         | 26 |
| 3.2. | Metode for risiko og sårbaranalyse (ROS)                | 34 |
| 3.3. | Klimatilpassing, vind, havnivåstiging og bølgepåverknad | 37 |
| 3.4. | Tematisering, kjelder og vurderingskriterier            | 39 |
| 3.5. | Usikkerheit   | 44 |
| 3.6. | Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget        | 44 |
| 4.   | Verdiar og viktige tilhøve i Austevoll                  | 46 |
| 4.1. | Landskap og kulturarv                                   | 46 |
| 4.2. | Naturmangfald   | 49 |
| 4.3. | Naturressursar  | 51 |
| 4.4. | Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge       | 52 |
| 4.5. | Ureining, utslepp og vassmiljø                          | 53 |
| 5.   | Konsekvensutgreiing og ROS-analyse                      | 56 |
| 5.1. | Struktur  | 56 |
| 5.2. | Krins 0101 Storakalsøy - Horgo                          | 58 |
| 5.3. | Krins 0102 Møkster                                      | 61 |

|  |     |
|--|-----|
| 5.4. Krins 0103 Litlakalsøy                            | 64  |
| 5.5. Krins 0104 Stolmen - Hevrøy                       | 66  |
| 5.6. Krins 0105 Nordre Selbjørn - Lunnøy               | 70  |
| 5.7. Krins 0106 Søre Selbjørn                          | 73  |
| 5.8. Krins 0201 Vinnes                                 | 76  |
| 5.9. Krins 0202 Kolbeinsvik - Drøna - Rostøy           | 80  |
| 5.10. Krins 0203 Haukanes - Bratten                    | 84  |
| 5.11. Krins 0204 Storebø-området                       | 87  |
| 5.12. Krins 0205 Hundvåkøy                             | 91  |
| 5.13. Krins 0206 Sandtorv                              | 95  |
| <br>   |     |
| 6. Samla vurderingar                                   | 97  |
| 6.1. Landskap og kulturarv                             | 97  |
| 6.2. Natur og biologisk mangfald                       | 101 |
| 6.3. Naturressursar                                    | 105 |
| 6.4. Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge | 107 |
| 6.5. Teknisk infrastruktur                             | 110 |
| 6.6. Ureining, utslepp og vassmiljø                    | 111 |
| 6.7. Arealstrategi                                     | 113 |
| 6.8. Samla vurdering av risiko og sårbarheit           | 118 |
| 6.9. Samla konsekvensar                                | 119 |
| <br>   |     |
| 7. Kjelder   | 122 |
| <br>   |     |
| Vedlegg  | 125 |

# 1. Samandrag

## 1.1. Bakgrunn og innleiing

Denne rapporten er ei konsekvensutgreiing og ROS-analyse som er utarbeidd i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel for Austevoll kommune. Fastsett planprogram vart godkjend i kommunestyret 14.06.2018, og er lagt til grunn for denne rapporten. Gjeldande arealplan er vedteken i 2013.

Plan- og bygningslova § 4-2, andre ledd slår fast at kommuneplanar med retningsliner eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring - *ei konsekvensutgreiing* - som viser planen sin verknad for miljø og samfunn. Føremålet med utgreiinga er å få fram viktige miljø- og samfunnsverdiar, kva verknad ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane, og kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusera negative verknader. Dette dreier seg blant anna om forslag til nye utbyggingsføremål, men elles òg alle endringar som kan ha innverknad på miljø og samfunn. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller i tillegg krav om risiko- og sårbaranalysar (ROS) ved alle planar før ei utbygging evt. kan skje. I kommuneplanens arealdel skal potensiell fare avklarast, og ROS- analysen til kommuneplanens arealdel nyttast til å styra at utbyggingsområde vert lagt til trygge område.

Det samla talet på endringsforslag som er omfatta av denne rapporten, og som er lagt inn i plankartet, er 326. I tillegg kjem mange endringane som ikkje skal konsekvensutgreiast. Totalt er det gjort over 1000 endringar i plankartet.

## 1.2. Metode og kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga vert laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Ein kommuneplan er på eit overordna nivå, og utgreiinga skal bygge på allereie kjent kunnskap. Det er likevel lagt vekt på fagkunnskap i dei tilfelle der ein ser at det potensielt er stor fare for at viktige verdiar vil kunne gå tapt. Det er viktig å merka seg at risikoanalysen er tilpassa kommuneplannivå, og er såleis grovmaske. Kommunen bør difor setja krav til at det vert utarbeidd meir djuptgåande ROS- analysar i seinare planfasar/søknad om utbygging, der analysar fangar opp meir detaljert kunnskap m.a. i samsvar med lovbestemte tryggleikskrav.

Metodikken tar utgangspunkt i rettleiar T-1493 for konsekvensutgreiingar.

Austevoll kommune har i plankartet lagt inn mange endringar som fangar opp tiltak og utbyggingar som allereie er gjort, og som ikkje har vore i tråd med gjeldande kommuneplan. I den grad slike tilfelle er synlege i flyfoto, har vi konsekvensutgreidd den juridiske arealendringa frå t.d. LNFR til Bustad, men lagt ein del vekt på at tiltaket allereie er gjennomført.

Konsekvensutgreiinga og ROS- analysen er delt inn i 12 ulike krinsar, og under kvar krins er innspela som er vurdert, lagt inn med kartutsnitt og tabell/omtale. Ein har sett det som føremålstenleg å samordna utgreiinga av verknadane for enkeltområde med ROS- analysen for å gjera dokumentet meir brukarvennleg.

Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert etter ein tredelt skala:

|  |   |
|--|---|
|  | Ingen kjente vesentlege konsekvensar/moglege konflikhtar innanfor vurderingstemaet. God måloppnåing. I nokre tilfelle kan det også vera positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt.   |
|  | Moderat/middels negativ konsekvens, eller mogleg konflikt som bør kontrollerast nærare ved søknad / utbyggingsplanar / reguleringsplanar, detaljregulering, <u>eller</u> konflikt som vert vurdert som innanfor det akseptable - så lenge det ikkje er fleire vesentlege konflikhtar knytt til innspelet. Moderat måloppnåing.                  |
|  | Klar negativ konsekvens eller sterk konflikt innanfor vurderingstemaet. Kan åleine vera sterk nok grunn til at innspelet ikkje vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra. Låg måloppnåing. |

Plan- og bygningslova § 1-8 pålegg kommunen å ta særleg omsyn til verdier i 100-metersbeltet i sjø og vassdrag. Dette gjeld naturverdier, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Stortinget har stadfesta at ein kan ikkje omgå det generelle byggeforbodet i strandsona utan at det er gjort ei konkret vurdering av byggegrense mot sjø og vassdrag jf. Pbl § 1-8. I samband med planprosessen har Asplan Viak gjort ei konkret vurdering ved å kartlegga funksjonell strandsona i heile Austevoll kommune. Kartlegginga er bygd på eksisterande kartleggingar og synfaringar av heile strandsona i kommunen. Målsettinga var å fastsetja avgrensing for funksjonell strandsona, definert i strandsonerettleiaren frå 2007 som *"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet"*.

Den kartlagde funksjonelle strandsona er ikkje lagt inn som byggegrense (juridisk linje) i plankartet, og det generelle byggeforbodet i strandsona vil dermed gjelda. Den kartlagde funksjonelle strandsona er derimot nytta som eit arbeidsverktøy i konsekvensutgreiinga, særleg når det gjeld tema Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge

Arealstrategivurderingane i konsekvensutgreiinga bygger på eit arbeidsutkast for arealstrategi utarbeidd i 2021. Ei viktig føring for arealstrategien har vore Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (2015) som mellom anna krev at kommunen avklarar senterstruktur i samband med revideringa av kommuneplan. Austevoll kommune har arealstrategien utarbeidd ein senterstruktur med 10 senter:

| Senternivå     | Stader   | Innhald  |
|----------------|--|--|
| Kommunesenter  | Storebø  | Administrasjonssenter  |
| Lokalsenter    | Bekkjarvik   | Handelscenter og offentleg tenesteyting med vekt på reiseliv- og turistnæring  |
| Nærsenter      | Storekalsøy (Bakkasund), Kolbeinsvik, Hundvåkøy (delt i to separate område: Torangsvåg og Austevollshella) | Funksjonar og tilbod for nærområdet  |
| Robuste bygder | Vik/Vinnes (delt i to separate område: Vik og Vinnes), Stolmen og Møkster                                  | Møkster er ein viktig destinasjon for turist og reiseliv. Har ein del sørvistilbod. Vik og Vinnes er teke med sidan dette er større bustadfelt |

Alle senter er av kommunen teikna inn med konkrete avgrensingar i kart.



Risiko- og sårbaranalysen som er gjort i samband med rullering av Austevoll sin kommuneplan har som mål å identifisera uønskte hendingar slik at ein unngår eller reduserer tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur. Alle delområde i kommunen der det vert søkt endring av arealbruk (utbygging), er vurdert for potensiell fare, og risikofaktorar som kan få betydning for arealbruken er synleggjort. Metoden som er brukt er henta frå den overordna og heilskapelege ROS- analysen til kommunen, rettleiaren for heilskapeleg ROS frå DSB (2014) og DSB sin rettleiar for ROS-analysar (2017).

Mot slutten av hundreåret er det venta at klimaet vert varmare, og nedbørsmengda er venta å auka. Dette kan føra til høgare sannsyn for ulike typar skredhendingar, og då særleg vassrike skredhendingar, samt høgare sannsyn for flaum og erosjon. Klimaendringane kan også føre til auka skog/lyng/grasbrannfare. Den pågåande attgroinga i landskapet i eit stadig varmare klima, fører også til større brannfare/brannsmitte. Heile kommunen ligg vindutsett til. Det er mykje tyder på at vindstyrke og intensitet kan auke når temperaturane vert varmare enn i dag. Havnivåstiginga vil føre til at stormflo og bølger strekker seg lenger inn på land enn i dag. For Austevoll kommune er forventna havnivåstigning fram mot år 2100 på 70 cm. Bølgjepåverknad er ikkje inkludert i desse tala.

Det er svært viktig at kommunen har eit velfungerande vass- og avlaupsanlegg, og at kommunen planlegg forsvarleg overvasshandtering i tidlege planleggingsfasar, då store nedbørsmengder kan føra m.a. til at avlaupsnett vert fylt att. Kommunen har eit VA-anlegg som er sårbart for leidningsbrot, og der trykk i ytre delar av nettverket er lågt.

Tema og problemstillingar frå planprogrammet er systematisert i 7 hovudtema for KU og 3 hovudtema for ROS. Kategoriane dekker dei tema som er lista opp i planprogrammet.

| <b>Konsekvensutredning</b>                        |
|---|
| Landskap og kulturarv                             |
| Natur og biologisk mangfald                       |
| Naturressursar                                    |
| Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge |
| Vassmiljø og ureining                             |
| Teknisk infrastruktur                             |
| Arealstrategi                                     |

| <b>Beredskap, ulykke, risiko og sårbarheit</b> |
|--|
| Ekstremvær og havnivå                          |
| Naturfare og ras/skred                         |
| Støy   |

Alle vurderingar er basert på kjent kunnskap i offentlege register, og opplysningar som er oversendt frå Austevoll kommune. Få av kjeldene er komplette og kvaliteten og alderen på data kan variera. Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg høve til plannivået, og det er trøng for meir detaljert kunnskap ved til dømes ein reguleringsplan.

For kommuneplanen sin arealdel krev KU-forskrifta at ein i tillegg til å vurdere verknaden av kvart forslag, og skal vurdere dei samla verknadane som arealendringane vil ha. Dette inneber at dei ulike områda vert sett i samanheng og at ein ser kva verknader summen av endringane vil ha for miljø og samfunn. Dei samla vurderingane er grunnlag for å vurdere om den samla belastninga vert for stor og ein har moglegheit til å justera dette før planen vert lagt ut på høyring.

### 1.3. Verdier og viktige tilhøve i Austevoll

Austevoll ligg ved ytterkysten av Midthordland i Vestland fylke. Kommunen har fiske som hovudnæringsveg, både historisk men også i dag. Havbruksnæringa har hatt stor vekst dei siste 30 åra, og kommunen er ein av dei største i landet når det gjeld lakseoppdrett. Storebø er kommunesenteret. Her finst over 660 øyar, holmar og skjær, med ei samla strandlinje på over 330 km.

I verdivurderinga av landskap i Hordaland fylke (Aurland naturverkstad 2011), er delar av Austevoll gitt stor verdi. Dette er eit område frå dei vestlegaste småøyene som ligg ut mot Nordsjøen, inn Skoltafjorden og Møkstrafjorden, og øyene Litla Kalsøy, Stora Kalsøy og Møkster. Her finn ein open og storskala skjergard der øya Møkstra er eit sentralt element. Området har velhaldne lyngheier og eit tradisjonelt, småskala jordbruksområde med lang og tydeleg historisk kontinuitet. Strandsona (100-metersbeltet) utgjør om lag 34% av kommunen sitt areal (Akvator 2010). I ein øykommune som Austevoll er særleg overgangen mellom sjø og land viktig for visuelle samanhengar og kvalitetar i landskapet.

Nasjonal kulturminnedatabase Askeladden viser eit rikt tilfang av kulturminne. Relasjonen til sjøen er tydeleg, og fortel om kor viktig kombinasjonen fiske, fangst og jordbruk har vore. Kommunen sin kulturminneplan listar opp mange kulturmiljø og enkeltminner som har høg kulturhistorisk verdi, og omfattar mellom anna kyrkjestader, gardsanlegg, samferdselsminner, tekniske kulturminne, forsamlingshus og krigsminne. I tillegg er det påpeika at kommunen har spor som er viktige for kulturlandskapet, slik som steingardar, torvmyrer og torvhus. Eit av kulturminna som er særleg framheva er Hufthamartunet nord på Huftarøy, som viser ei 300 år gammal bygningshistorie for eit typisk gardstun på Austevoll.

Ettersom det har vore jordbruksaktivitet over lang tid er naturverdiane i Austevoll i stor grad knytt til gammal kulturmark, forma gjennom lang tids bruk og skjøtsel. Kystlynghei dekker store areal. Spreidd mellom busetnad finst truleg store, gamle tre som ikkje er registrerte, og ein del restareal med gammal kulturmark, som til dømes hagemark og naturbeitemark. Store delar av områda med kystlynghei er i ulik grad av attgroing, noko som mest sannsynleg gjeld dei andre kulturmarksverdiane og. Kystlynghei er i kategorien EN (sterkt trua) på raudlista for naturtypar.

Størsteparten av landarealet består av open fastmark (lynghei) og tidlegare open fastmark i attgroing, i veksling med nakent berg og myr. Den opne marka er resultat av lang tids beite med lyngsviing, og framleis vert delar av areala med lynghei heldt i hevd.

Jordbruksareal finst i hovudsak spreidd innimellom område med busetnad. Areal består i hovudsak av innmarksbeite. Fulldyrka jord finst det og ein del av, mens overflatedyrka jord førekjem meir sjeldan.

Naturressursane i kommunen – først og fremst fiskeri, og i seinare tid akvakultur – gjev grunnlag for viktig næring og har djupe tradisjonar i kommunen. Austevoll er i dag ein av landets største kommunar innan akvakultur. Det kan oppstå interessekonfliktar mellom fiskeri og akvakultur, først og fremst mellom kystfisket og akvakulturanlegg. Det er kjent fiskeplasser for aktive og passive reiskap i heile kommunen. Det er i tillegg mange gyteområder som dannar grunnlag for fiskerinæringa. Desse ligg i områder med lite vassutskifting, m.a Heimarkspollen og området mellom Lunnøya og Bekkjarvikundet.

Størsteparten av landarealet består av open fastmark (lynghei) og tidlegare open fastmark i attgroing, i veksling med nakent berg og myr. Jordbruksareal finst i hovudsak spreidd innimellom område med busetnad. Areal består i hovudsak av innmarksbeite.

Det er fleire statleg sikra friluftsområde i Austevoll, og det er kartlagt og verdisatt mange friluftsområder i kommunen. Dei største verdiane som er store i areal er Saltskjærholmane-Ternholmen og Loddo. I og rundt Storebø og Bekkjarvik er det fleire område som er avsett til idrett og lek.

Austevoll ligg i vassområdet Vest. I regional vassforvaltningsplan som var til behandling i Fylkestinget mars 2022 vart det satt følgjande miljømål for Austevoll kommune:

- Alle vassførekomstar har mål om å oppnå minst god økologisk tilstand. Frist for å nå målet er 2027, med unntak av to vassførekomstar som har fått usett frist til neste planperiode (2033)

- Alle vassførekomstar har mål om å oppnå god kjemisk tilstand. Frist for å nå målet er 2027, med unntak av ein vassførekomst som har fått usett frist til neste planperiode (2033)

Per 31.03.2022 er det registrert fem vassførekomstar som ikkje har nådd økologisk miljømål og fire vassførekomstar som ikkje har nådd kjemisk miljømål.

Kvernavatnet (Storebø) er klassifisert med dårleg økologisk tilstand. Undersøkingar frå 2018 viser blant anna høge konsentrasjonar av nærings salt og dårleg tilstand for botnfauna. På Vann-Nett er det registrert påverknad frå skogbruk, utsepp av kommunalt avlaupsvatn og den introduserte arten regnbogeure. Tidlegare akvakulturverksemd i området er avvikla


Kystvassførekomsten Storebø er klassifisert med dårleg økologisk tilstand. Grunnlaget for dette er undersøkingar av botnfauna i 2014, men kunnskapsgrunnlaget er tynt. Diffus avrenning frå byar/tettstader og fiskeoppdrett er dei viktigaste, registrerte påverknadene.

Trafikklyssystemet for kapasitetsjusteringar i oppdrettsnæringa plasserer Austevoll innafor produksjonssone 3 - Karmøy til Sotra, som har gul farge (vurdering frå 2021). Dette tyder at det ikkje vil bli store endringar i produksjonen.

## 1.4. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Det er i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen vurdert 326 innspelsområde som gjeld forslag om arealendring av Austevoll sin kommuneplan. Kommunen har 12 grunnkrinsar, som også strukturerer denne rapporten:

| Nr   | Namn grunnkris               | Folketal<br>2022 | Vurderte<br>endringar |
|------|------------------------------|------------------|-----------------------|
| 0101 | Storekalsøy - Horgo          | 213              | 22                    |
| 0102 | Møkster                      | 38               | 12                    |
| 0103 | Litlekalsøy                  | 11               | 6                     |
| 0104 | Stolmen - Hevrøy             | 177              | 26                    |
| 0105 | Nordre Selbjørn - Lunnøy     | 484              | 33                    |
| 0106 | Søre Selbjørn                | 605              | 20                    |
| 0201 | Vinnes                       | 446              | 42                    |
| 0202 | Kolbeinsvik - Drøna - Rostøy | 473              | 42                    |
| 0203 | Haukanes - Bratten           | 232              | 28                    |
| 0204 | Storebø-området              | 1909             | 42                    |
| 0205 | Hundvåkøy                    | 689              | 46                    |



0206 Sandtorv 0 7

Gjennomgangen av endringsforslaga er gjort krinsvis. Kvart endringsforslag har fått eit unikt nummer som startar med krinsnummer, og deretter eit løpenummer. Kvar krins er presentert med kort tekst, og ein gjennomgang av kva type endringsforslag som er vurdert, og overordna kva moglege konflikhtar og konsekvensar dei inneber. Omtalen krinsvis er basert på ei unik vurdering for kvart endringsforslag. Desse er presenterte i tabellar som ligg sist i rapporten som eit vedlegg.

| Krins  | Oppsummering  |
|--|---|
| <p><b>Storakalsøy - Horgo</b> ligg nordvest i kommunen og hadde 213 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Bakkasund / Storakalsøy er i arealstrategien kategorisert som eit nærsenter. Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 302 i 2040.</p> | <p>Av dei 22 endringsforslaga er det 3 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar LNFR spreitt bustad, hamn og småbåtanlegg. Det er 9 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 11 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p>                                      |
| <p><b>Mørkster</b> er ei øy vest i kommunen. Her var det 38 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Naustvågen er i arealstrategien lagt i kategori «Robuste bygder». Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 21 i 2040.</p>                     | <p>Av dei 12 endringsforslaga er det 7 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar akvakultur (3), småbåtanlegg, næring og bustad, fritid/turisme og grav/urnelund. Det er 2 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 3 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p> |

|   |   |
|---|---|
| <p><b>Litlakalsøy</b> ligg sør for Møkster og er ei mindre øy vest i kommunen. Her var det 11 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022.</p>   | <p>Av dei 6 endringsforslaga er det 3 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar bustad, akvakultur og småbåtanlegg. Det er eitt endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei to siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p>   |
| <p><b>Stolmen og Hevrøy</b> ligg sørvest i kommunen. Her var det 177 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Våge / Stolmen ved Stolmasundet er i arealstrategien lagt i kategori «Robuste bygder». Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 134 i 2040.</p>   | <p>Av dei 28 endringsforslaga er det 10 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar LNFR spreitt bustad (3), LNFR spreitt fritidsbustad, naust, småbåtanlegg (2), akvakultur, bustad og havvind. Det er 6 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 10 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p>   |
| <p><b>Nordre Selbjørn og Lunnøy</b> ligg sørvest i kommunen. Her var det 484 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022.</p>  | <p>Av dei 33 endringsforslaga er det 5 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar LNFR spreitt bustad, bustad, akvakultur, småbåtanlegg og fritidsbustad. Det er 17 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 11 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p>  |
| <p><b>Søre Selbjørn</b> ligg sør i kommunen, og hadde 605 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Søre Selbjørn ligg sør i kommunen. Her var det 605 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Bekkjarvik er i arealstrategien kategorisert som eit lokalsenter. Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 1410 i 2040.</p> | <p>Av dei 20 endringsforslaga er det 3 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar bustad (2) og fritidsbustad. Det er 8 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat - men ein bør merka seg at nokre av dei har konfliktpotensial fordelt på fleire tema, og dersom endringsforslaga blir tatt inn i plankart bør ein følgja opp i vidare planlegging slik at viktige verdiar og tilhøve vert sikra. For dei 9 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p>   |
| <p><b>Vinnes</b> ligg søraust i kommunen, og hadde 446 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Vik og Vinnes er i arealstrategien lagt i kategori «Robuste bygder». Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 301 i 2040.</p>   | <p>Av dei 42 endringsforslaga er det 10 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar fritidsbustad, LNFR spreitt bustad (3), næring (2), bustad, småbåtanlegg (3). Det er 20 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat - men ein bør merka seg at nokre av dei har konfliktpotensial fordelt på fleire tema, og dersom endringsforslaga blir tatt inn i plankart bør ein følgja opp i vidare planlegging slik at viktige verdiar og tilhøve vert sikra. For dei 12 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.</p> |
| <p><b>Kolbeinsvik-Drøna-Rostøy</b> ligg midt i kommunen, og hadde 473 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Kolbeinsvik er i arealstrategien kategorisert som eit</p>   | <p>Av dei 42 endringsforslaga er det 13 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar bustad (3), LNFR spreitt bustad (3), akvakultur, småbåtanlegg (3), fritidsbustad, idrettsanlegg (2). Det er 18 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat - men ein bør merka seg at nokre</p>   |

|   |   |
|---|---|
| nærsepter. Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 547 i 2040.  | av dei har konfliktpotensial fordelt på fleire tema, og dersom endringsforslaga blir tatt inn i plankart bør ein følgja opp i vidare planlegging slik at viktige verdiar og tilhøve vert sikra. For dei 11 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.  |
| <b>Haukanes og Bratten</b> ligg aust i kommunen og ut mot Langenuen. Krinsen hadde 232 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022.  | Av dei 28 endringsforslaga er det 7 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar småbåtanlegg (4), naust, LNFR spreitt bustad, bustad Det er 15 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat - men ein bør merka seg at nokre av dei har konfliktpotensial fordelt på fleire tema, og dersom endringsforslaga blir tatt inn i plankart bør ein følgja opp i vidare planlegging slik at viktige verdiar og tilhøve vert sikra. For dei 6 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar. |
| <b>Storebø</b> ligg aust i kommunen og hadde 1909 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. I krinsen ligg kommunesenteret Storebø. Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 2920 i 2040.  | Av dei 42 endringsforslaga er det 4 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar bustad (3) og småbåtanlegg. Det er 22 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 16 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.   |
| <b>Hundvåkøy</b> ligg nord i kommunen og hadde 689 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. I arealstrategien har krinsen fått to nærsepter: Torangsvåg og Austevollshella. Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 1024 i 2040. | Av dei 46 endringsforslaga er det 12 som ikkje er tilrådd. Dei omhandlar akvakultur (3), friluftsliv-bustad-naust, bustad, LNFR spreitt bustad (3), fritidsbustad (2), småbåtanlegg og næring Det er 21 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 13 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.   |
| <b>Sandtorv</b> ligg nordaust i kommunen og hadde ingen innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Bygningar i krinsen er nytta til fritidsbustader  | Av dei 7 endringsforslaga er 3 av dei ikkje er tilrådd, og alle gjeld akvakultur. Det er 4 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat.   |

## 1.5. Samla vurderingar

Etter gjennomgangen krinsvis er det gjort ei oppsummering for kvart tema i konsekvensutgreiinga. Det er også gjort ei kort oppsummering for risiko- og sårbaranalyse. Målet er å visa kva utslag planen får for ulike tema dersom alle endringsforslaga blir vedtatt. Det er til sist lista opp kva som skal til for å redusera konflikhtar og konsekvensar.

Konsekvensutgreiinga for enkeltinnspel omhandlar mange endringsforslag der tiltak eller utbygging allereie er utført, og ein ønskjer justering til dagens bruk eller faktisk situasjon.

Av dei 326 endringsforslaga som er vurdert, er 204 av dei heilt eller delvis utbygd. Dette har i mange tilfelle ført til moderat negativ konsekvens for ein del utgreiingstema, sjølv om byggetiltaket i utgangspunktet ville ha komme klart negativt ut dersom det ikkje var gjennomført. Dette er eit prinsipielt dilemma: byggetiltak vert gjennomført ved å først få dispensasjon, for deretter å bli justert inn i KPA som ei tilpassing til gjeldande situasjon.

Arealendringane som er lagt inn i plankartet har størst konsekvensar for **landskap og kulturarv** der verdiane er store og tiltak er planlagt i strandsone og/eller er planlagt eksponert i eit ope landskap, t.d. på toppar eller eit nes. I sørvestre del av kommunen ligg fleire endringsforslag som ikkje er tilrådd ut frå omsyn til landskapsverdiar. Dette skuldast dels at dei ligg i, eller inn mot landskapsområdet Skoltafjorden- Møkstrafjorden med stor verdi, som m.a. er sårbart for store inngrep. Dette er eit ope og storskala skjergårdslandskap med lynchheier og tradisjonelle, småskala jordbruksområde. Den historiske kontinuiteten er lang og tydeleg. To av endringsforslaga omhandlar areal avsett til havvind. Her er det stort potensial for negativ visuell påverknad i store landskapsverdiar. Det er elles mange endringsforslag som ligg i, eller nær inn mot kartlagde sjøbruksmiljø, og for fleire av desse bør ein vurdere omsynsone.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Landskap og kulturarv | Konfliktpotensial |     |    |
|-----------------------|-------------------|-----|----|
| Vurdering             | 179               | 128 | 19 |

I over halvparten av alle innspelsområda der dei negative konsekvensane er størst for **natur og biologisk mangfald**, gjeld det område med myr og gammal kulturmark, eller område med potensial for verdiar knytt til slik mark. Kulturmarka består i hovudsak av kystlynghei i ulik grad av attgroing. Blant endringsforslaga som gjev dei største negative konsekvensane for naturmangfaldet, er det flest knytt til etablering eller utvikling av bustader. Sett ut i frå kor stort areal som blir påverka negativt, er dei største konsekvensane knytt til innspelsområde for etablering av havvind, og etablering og utvikling av akvakulturanlegg. For disse sist nemnde føremåla er konfliktpotensialet knytt til tareskogførekomstar, skjelsandområde og beiteområde for raudlista sjøfugl i hekketida vurdert som stort. Område for akvakulturanlegg råkar òg store areal, og overlappar ofte med marine verneområde og naturtypar. For områda i strandsona er det flest endringsforslag knytt til småbåtanlegg og naust. Konfliktpotensialet knytt til endringar i strandsona er i hovudsak vurdert til moderat, og det vert ofte vurdert at området bør undersøkast nærare med tanke på strandenger på land og ålegrasenger, skjelsand og tareskog i sjø. Vipe hekkar på næringsrike strandenger og i jordbrukslandskapet, og der

observasjonar av vipe er registrert innanfor eller i nærleiken av eit innspelsområde er det tilrådd nærare undersøkingar.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Natur og biologisk mangfald | Konfliktpotensial |     |    |
|-----------------------------|-------------------|-----|----|
| Vurdering                   | 95                | 172 | 59 |

Størstedelen av områda med høgast konfliktpotensial for **naturressursar** er knytt til etablering av akvakulturanlegg og småbåtanlegg der det finst låsettingsplassar, rekefelt og gytefelt. Det finst få område med høgt konfliktpotensial på jordbruksareal, og disse områda er knytt til føremål bustad. Eit par hamneområde med låsettingsplassar har høgt konfliktpotensial. Endringar i strandsona som ligg nær gytefelt og/eller innanfor låsettingsplassar gjev ofte moderat konfliktpotensial. På land gjeld dette i hovudsak innspel knytt til bustader som ligg delvis innanfor eller nær jordressursar, og i sjø gjeld dette innspelsområde som ligg i nærleiken av ein låsettingsplass, nær fiskeplassar for aktive og passive reiskap, nær område viktig for fiske av sei og krabbe og/ eller nær fiskeriaktivitet med garn. Over halvparten av innspela er vurdert til lågt konfliktpotensial. Ein stor del av disse innspela gjeld område som allereie er bygd ut, og innspela gjeld i særleg grad føremåla småbåtanlegg/naust (i strandsona) og bustad.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Naturressursar | Konfliktpotensial |     |    |
|----------------|-------------------|-----|----|
| Vurdering      | 195               | 111 | 20 |

Mange av endringsforslaga har i konsekvensutgreiinga slått negativt ut for **friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge**. Dette skuldast at svært mange av endringsforslaga omhandlar utbygging som gjev tap av grønstruktur. Endringar i strandsona kan gje auka privatisering og hindra folk å komma til. Dette kan både gjelda at ein ikkje lenger har fysisk tilgang til sjøen, eller indirekte at til dømes båtfolk held seg vekke frå det ein oppfattar som privat område. Endringane i kommuneplanen omhandlar i stor grad strandsona, og fører til ytterlegare nedbygging og privatisering. Av 326 endringsforslag som er KU og ROS - vurdert, så ligg 161 av dei i eller inn mot kartlagt funksjonell strandsona. Ein ser og at om lag 120 av endringsforslaga inneber utbygging i det som i dag er grønstruktur eller naturområde. Dette gjev tap av areal som kan nyttast til tur, naturopplevingar og naturleik. Det er særleg viktig å vera merksam i område nær bustadområde.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Friluftsliv-nærmiljø<br>Folkeh- barn og unge | Konfliktpotensial |     |    |
|--|-------------------|-----|----|
| Vurdering                                    | 116               | 140 | 70 |

Arealendringar bør føre til at ein utnyttar eksisterande investeringar i **teknisk infrastruktur** mest mogleg effektivt. Korte avstandar til eksisterande infrastruktur, alternativt at endringsforslaget ikkje omfattande nye investeringar, har gitt positivt vurdering. Generelt sett vil endringsforslaga føre til ei vidareutvikling av offentleg VA-nett. Mange av områda ligg nær viktig infrastruktur (veg).

I konsekvensutgreiinga er det ikkje vurdert om der er kapasitet i teknisk infrastruktur til å tola endringsforslaget, men ein gjer merksam på at Austevoll sitt VA-anlegg har ikkje optimal kapasitet, og er m.a. sårbart for leidningbrot. Arealendringar med lang avstand til hovudstamme for VA er generelt ei utfordring. Det er kjent at det er trong for kapasitetsauke for å sikra sløkkevatn i fortettingsområde og i nye bustad- og næringsområde.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Teknisk infrastruktur | Måloppnåing |    |   |
|-----------------------|-------------|----|---|
| Vurdering             | 276         | 47 | 3 |

I vurderingane av **ureining, utslepp og vassmiljø** er nye område for akvakultur er generelt vurdert negativt, til gul eller raud kategori. Akvakultur i område der topografien kan indikera at resipient er meir sårbar enn andre stader er vurdert til raud kategori, det same er område der miljøundersøkingar indikerer at det er forureiningsproblematikk med dagens aktivitet. Nye område for småbåtanlegg og hamner er oftast vurdert til moderat konfliktpotensial fordi auka båttrafikk og hamneaktivitet aukar risiko for forureining. Fysiske inngrep som utfylling i sjø kan også vera relevant problematikk som må vurderast ved eventuell detaljplanlegging. Mindre område der det allereie er etablert aktivitet, er vurdert til lågt konfliktpotensial, grøn kategori. Nye utbyggingsområde for til dømes bustad og fritidsbustad er vurdert til lågt eller moderat konfliktpotensial, avhengig av eventuelle tilgrensande vassdrag og tilstand og sårbarheit i nedstraums resipientar.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Ureining og utslepp | Konfliktpotensial |     |    |
|---------------------|-------------------|-----|----|
| Tal på endringar    | 117               | 198 | 11 |

I konsekvensutgreiinga har ein lagt til grunn **arealstrategi** for Austevoll kommune. Det er fyrst og fremst den geografiske avgrensinga av dei ti sentera som har gitt konkrete føringar for konsekvensvurderinga. Føremål som ein ynskjer skal ligga innafør desse avgrensingane, for dermed å styrka sentera er; bustad, næring, handel og offentlege føremål som skule, barnehage og forsamlingslokale. Av desse nemnde føremåla, er det nesten berre nye endringsforslag som gjeld bustad og næring. Det har òg vore ein del innspel som gjeld fritidsbustader. Desse er vurdert at bør ligga utanfor senteravgrensingane, slik at senterareala kan nyttast til bustader og meir allmenntytige føremål. Fritidsbustader kunne med fordel ha vore del av arealstrategien for å unngå at dei vert spreidd i heile kommunen. Det er svært mange innspel som gjeld småbåtanlegg og ein kunne difor med fordel ha inkludert dette som tema i arealstrategien, eller i eige arbeid (temaplan e.l.).

- Det er 53 endringsforslag om bustad. Mange av dei er i dag LNFR spreitt bustad.
- Det er 38 endringsforslag om LNFR spreitt bustad, 27 av forslaga gjeld areal som heilt eller delvis er i slik bruk i dag.
- Det er 9 endringsforslag om LNFR spreitt fritidsbustad, der 6 av dei gjeld område som allereie er tatt i bruk til slikt formål
- Det er 1 endringsforslag om LNFR spreitt næring, som i dag er naust (0204\_068)

Det er svært positivt at den regionale planen vert fylgt opp med ein eigen arealstrategi og konkret definering og avgrensing av senternivå. Her kunne ein likevel ha gått meir metodisk til verks og vore tydelegare på kva ein ønskjer av funksjonar i dei ulike nivåa, og kva rolle og avgrensing dei skal ha.

Tabell under viser korleis dei 326 vurderte innspela fordeler seg for dette utgreiingstema.

| Arealstrategi | Måloppnåing |    |    |
|---------------|-------------|----|----|
| Vurdering     | 238         | 38 | 50 |

Viktige tema i **ROS** har vore skred i bratt terreng, moglegheit for områdeskred (kvikkleire), sterk vind, havnivå, støy og moglegheit for skogbrann. Gjennomgåande viser ROS-vurderingane at for alle endringsforslag må det gjerast nærare vurderingar dersom området skal utviklast vidare. Det er ingen av endringsforslaga som ut frå ROS-tema kjem i raud kategori og dermed bør avisast på dette plannivået. Havnivå er ikkje eit vesentleg

tema for flytande akvakulturanlegg og vindkraftpark til havs, men kan påverke eventuell infrastruktur på land.

Som risikoreduserande tiltak og tema arealforvaltning er det omtalt at naturfarehendingar inkludert klimaendringar og klimatilpassing blir grundig vurdert både i planprosessar og i den daglege arealforvaltninga.

I **samla vurdering** viser denne rapporten at for dryge 100 av forslaga er det i dag ikkje kjent tilhøve som skulle tilseie at endringsforslaget ikkje skulle bli tatt inn i kommuneplanen.

| Samla vurderingar |  |   |   |
|-------------------|--|---|---|
| Tal på endringar  | 103  | 143   | 80  |
|                   | <p>Få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege konfliktrar. Ei samla vurdering på tvers av alle tema tilseier at endringa kan tilrådest.</p> <p>For om lag 75% av desse endringsforslaga, så er arealet allereie utbygd / tatt i bruk, heilt eller delvis.</p> | <p>Negative konsekvensar / låg måloppnåing for enkelte tema. For fleire av endringsforslaga kan det vera rom for å få ned konfliktgraden ved justeringar og/eller føresegner for utvikling. For ROS-tema er det vist til forhold som må følgjast opp i neste fase.</p> <p>For om lag 68 % av desse endringsforslaga, så er arealet allereie utbygd / tatt i bruk, heilt eller delvis.</p> | <p>Stort konfliktpotensial og/eller låg måloppnåing for eitt eller fleire tema. For fleire av endringsforslaga kan det vera rom for å få konfliktgraden ned ved justeringar og/eller føresegner for utvikling. For ROS-tema er det vist til forhold som må følgjast opp i neste fase.</p> <p>For om lag 39 % av desse endringsforslaga, så er arealet allereie delvis utbygd eller tatt i bruk.</p> |
|                   | <p>Dei vanlegaste endringsforslaga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Småbåtanlegg og naust: 27 stk.</li> <li>• Bustad og LNFR spreitt bustad: 32 stk.</li> <li>• Fritid og turisme, og fritidsbustad: 10 stk.</li> </ul>                            | <p>Dei vanlegaste endringsforslaga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Småbåtanlegg og naust: 52 stk.</li> <li>• Bustad og LNFR spreitt bustad: 24 stk.</li> <li>• Næring og næring/hamn: 10 stk.</li> </ul>   | <p>Dei vanlegaste endringsforslaga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bustad og LNFR spreitt bustad: 11 stk.</li> <li>• Akvakultur: 7 stk.</li> <li>• Småbåtanlegg: 6 stk.</li> </ul>   |

Endringsforslaga i gul kategori er teoretisk sett rekna som «akseptable» med visse atterhald, men det er uheldig å ha mange slike. For Austevoll sitt tilfelle er dette den største kategorien med 143 stk., og illustrerer godt dilemmaet med at mange- og isolert sett «harmlause» endringar - vil samla sett gje ein vesentleg konsekvens. Slik vil ein over tid

miste viktige verdier i kommunen, tape opplevingskvalitetar, og gjera område mindre tilgjengelege for innbyggjarane.

Forslag til ny kommuneplan for Austevoll kommune legg til rette for fleire negative konsekvensar for miljø og samfunn, og talet på endringsforslag som er frårådd i konsekvensutgreiinga er høgt. Det er forventa at plangrepet vil gje tap av verdier for landskap, kulturmiljø og natur og biologisk mangfald. Også for tema naturressursar og friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge er det jamt over negative utslag, og det er mindre sannsynleg at kommunen når målsettingane i vassforvaltninga. I samband med kommuneplanarbeidet er det blitt laga ein arealstrategi. Eit høgt tal av endringsforslaga har låg måloppnåing av denne.


Mange endringsforslag hadde hatt godt av å bli «knadd» meir, for å tilpassa seg verdier betre. Planen har rom for forbetring slik at konflikter og konsekvensar vert redusert. Følgjande kan gjerast for å få ned konfliktpotensial:

- Gjennomgang av endringsforslag som i samla vurdering for konsekvensutgreiinga er i raud kategori, og vurdere om dei kan tilpassast betre eller utgå
- Gjennomgang av nye småbåtanlegg som i samla vurdering er i gul kategori, med mål om å redusera talet.
- Gjera senterstrukturen «strammare», dvs. færre senterområde og mindre utflytande, og gjere ein kritisk gjennomgang av nye bustadområde opp mot forventa behov.
- Vurdera bruk av fleire omsynssoner for å sikra verdier
- Vurdera bruk av fleire retningslinjer i planen for å sikra verdier

I konsekvensutgreiinga for kvart av endringsforslaga vil ein sjå kva konfliktane dreier seg om, og kva tilpassingar som kan gjerast.

I planen vert det tatt fleire positive grep som ikkje kjem fram her, fordi desse arealendringane ikkje utløyer plikt om konsekvensutgreiing. Fleire stader i plankartet er det t.d. gjort reduksjon i areal avsett til LNFR spreitt bustad til fordel for rein LNFR. Det er og positivt at småbåtanlegg som er blitt etablert får eit arealføremål som samsvarer med bruken. Dette er moment i ei breiare drøfting av plangrepet, og kan vera viktige nyansar som ikkje har vore tema i denne rapporten.

Kart under viser samla vurdering for alle endringsforslaga. Det er og mogleg å sjå kart, endringsforslag og kommuneplankart [her](#).



## 2. Innleiing

### 2.1. Planprogram og føremålet

Fastsett planprogram for arealdelen i kommuneplanen for Austevoll kommune vart godkjend i kommunestyret 14.06.2018. Denne framhevar visse tema og problemstillingar som viktige for planen, og der ein meiner det kan vera behov for konsekvensutgreiing:

#### *Areal:*

- Store byggjeområde
- Behov for nye skular, bygg til eldreomsorg og barnehagar
- Sjøområde
- Tiltak i strandsona
- Dyrka, dyrkbar mark og skog
- Naturmangfald, sårbare eller truga marint eller terrestrisk dyre- og planteliv

#### *Infrastruktur:*

- Vatn, straum og avløp (reinsekapasitet i sjø og vatn)
- Breiband
- Veg og vegnett

#### *Barn og unge sine oppvekstvilkår:*

- Tilrettelegging av nærområde
- Viktige uteareal og avstand til leikeplass

#### *Miljø og klima*

- Skader på areal, bygg, anlegg og konstruksjonar grunna ekstremvær
- Område som kan vera eit naturfareområde etter NVE-definisjon
- Ureining til jord, luft og vatn
- Støy
- Utslepp frå fartøy, industri og anna verksemd

#### *Kulturminne og kulturmiljø*

- Areal med lokal, regional og nasjonal kulturminneverdi, kulturmiljø og landskapsidentitet

Denne konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen legg til grunn vedtatt planprogram, med dei føringar og rammer denne gjev.

## 2.2. Krav om konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse

Kapittel 4 i Plan- og bygningslova (PBL) tek for seg generelle krav til utgreiingar som skal gjerast i samband med planlegging. I § 4-2, andre ledd, vert det slått fast at kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring – *ei konsekvensutgreiing* – som viser planen sin verknad for miljø og samfunn.

Føremålet med utgreiinga vil vera å få fram :

- viktige miljø- og samfunnsverdiar
- verknaden ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane
- kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusera negative verknader

Jamfør forskrift om konsekvensvurderingar for planer etter plan- og bygningsloven (§6a), 2017, er kommuneplanen sin arealdel omfatta av kravet til konsekvensutgreiingar.

For arealdelen skal konsekvensutgreiinga berre omtale verknader for miljø og samfunn av dei nye områda for utbygging og for områda med vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggjeområde. Ein revisjon av kommuneplanen der arealbruken vert vidareført utan endringar, er difor ikkje omfatta av krav til konsekvensutgreiing.

Ved revisjon av kommuneplanen gjeld krav om konsekvensutgreiing slike område:

- a) Nye område avsett til utbyggingsføremål med arealføremål nr. 1, 2, 4, 5 og 6 i plan- og bygningslova § 11-7 der underføremål og føresegner opnar for utbygging og tiltak. Det vil seie alle arealføremål med unntak av grønstruktur.
- b) Endra utbyggingsføremål (for eksempel frå næring til bustad eller fritidsbustader, frå råstoffutvinning til næring).
- c) Opning for spreitt busetting i område avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift (frå LNFR til LNFR spreitt).
- d) Bandlegging etter plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav d) dersom føremålet med bandlegginga er å sikra areal med tanke på seinare utbygging.
- e) Endring i føresegner som endrar verknaden av tiltak på miljø eller samfunn. Dette kan til dømes gjelda der endringar i føresegner legg opp til vesentleg høgare utnytting, endrar kriteria for kor utbygginga skal plasserast, eller på ein annan måte vesentleg endrar rammer for utforming eller funksjonskrav.

Plan- og bygningslova § 4-3 stiller krav om risiko- og sårbaranalyser (ROS) ved alle planar før ei utbygging evt. kan skje. I kommuneplanens arealdel skal potensiell fare avklarast, og ROS- analysen til kommuneplanens arealdel nyttast til å styra at utbyggingsområde vert lagt til trygge område. Det er utarbeidd ROS- analyse, som her kjem i tillegg til konsekvensutgreiinga. Føremål med analysen er å vurdere forslag til ny arealbruk, med omsyn til samfunnstryggleik, og å identifisera sårbarheit som det må takast omsyn til i vidare planlegging. Dette kjem i tillegg til den heilskaplege risiko og sårbaranalysen til Austevoll kommune frå 2013.

Arealplanlegging er viktig i oppfylgning av samfunnssikkerheitsarbeidet, særskild der det er avdekka natur- eller verksemdsfarar. Det er viktig å merka seg at risikoanalysen er tilpassa kommuneplannivå, og er såleis grovmaska. Kommunen bør difor setja krav til at det vert utarbeidd meir djuptgåande ROS- analysar i seinare planfasar/søknad om utbygging, der analysar fangar opp meir detaljert kunnskap m.a. i samsvar med lovbestemte tryggleikskrav.

### 2.3. Innleiande arbeid for konsekvensutgreiinga

Austevoll kommune fekk inn over 400 innspel om endringar i kommuneplanen til oppstart av planarbeidet. Innspela var av varierende storleik og med ulike føremål, der nokre er utviding av eksisterande område. Hovuddelen av innspela var bustadføre mål, småbåtanlegg, fritidsbustader og naust.

Det er gjort ei konsekvensutgreiing «trinn 1» av alle desse innspela, med særleg fokus på område med mange miljø- og samfunnsverdiar med høg verdi. Med utgangspunkt i dette første steget i konsekvensutgreiinga, vart drygt halvparten av innspelsområda tekne med vidare inn i «trinn 2» av konsekvensutgreiinga, der ein også har lagt inn ROS-vurdering. I tillegg har kommunen si arbeidsgruppe for kommuneplanarbeidet komme med fleire endringsforslag i etterkant av første innleiande runde med konsekvensutgreiing. Dette dreier seg i stor grad om endringar i plankartet som ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Det gjer at det samla talet på endringsforslag som er omfatta av denne rapporten, og som er lagt inn i plankartet er 326. I tillegg kjem endringane som ikkje skal konsekvensutgreiast. Samla er det gjort over 1000 endringar i plankartet. Sjå kap. 3.1.1 for meir om kva som er konsekvensutgreidd og ikkje.

## 3. Metode, kjelder og innhald

### 3.1. Metode for konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga vert laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Ein kommuneplan er på eit overordna nivå, og utgreiinga skal bygge på allereie kjent kunnskap. Ved seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering kan det vera naudsynt å kartlegga ny kunnskap, eller å få fram tilhøve som ikkje er kjent i dag. Det er likevel lagt vekt på fagkunnskap i dei tilfelle der ein ser at det potensielt er stor fare for at viktige verdiar vil kunne gå tapt.

#### 3.1.1. Generelt om kva endringar som vert konsekvensutgreidd

Metodikken tar utgangspunkt i rettleiar T-1493 for konsekvensutgreiingar. I denne rettleiaren vert det vist til at Statens Vegvesen si handbok har ein metode for konsekvensutgreiingar som i tilpassa form kan vera relevant for konsekvensutgreiing i samband med arealdelen i kommunane. Statens vegvesen sin metode V712, er det innført ein såkalla «forenkla metode» (kap. 6.3) som skal brukast overordna, m.a. i tidleg fase av kommunedelplan eller i overordna planlegging. Metoden legg vekt på å få fram konfliktpotensial for ikkje prissette tema, ved å gjera ei overordna og forenkla vurdering av verdiar i analyseområdet – og med utgangspunkt i at det konkrete tiltaket ikkje er kjent på dette plannivået. Denne forståinga og omgrepsbruken er tatt inn i denne konsekvensutgreiinga, og konfliktpotensialet seier noko om forventna konsekvensar.

Sjølv om det berre er dei delane av planforslaget som inneber endringar som skal konsekvensutgreiast, så skal ein ikkje alltid avgrense seg berre til dei aktuelle nye områda for utbygging. Det kan vera naudsynt å vurdere tilhøve utanfor, slik at ein kan sjå på verknader som eksisterande arealbruk har på eit utbyggingsforslag, og motsett. Døme på dette kan vera visuelle verknader eller støy.

I visse tilfelle i konsekvensutgreiinga har ein vurdert konfliktpotensial sjølv i område som allereie er utbyggingsføremaal i gjeldande kommuneplan. Dette er gjort der ein ut frå flyfoto ser at området framleis ikkje er utbygd. Det er mange år sidan førre rullering av kommuneplanen. Konsekvensutgreiinga som vart gjort den gongen følgde standardar, målsettingar og føringar som ikkje lenger er gjeldande.

Døme på endringar som ikkje er konsekvensutgreidd:

- Endre frå utbyggingsføremaal (t.d. Bustad, Næring) til LNFR.
- Endre frå Akvakultur til Bruk og vern av sjø og vassdrag.
- Nye omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø.
- «Kvite» område, dvs. der «reguleringsplan skal gjelde», Her er det lagt til grunn at konsekvensar allereie er gjort kjent i ein gjeldande reguleringsplan, og at arealføremaal er avklart.

Døme på endringar som er konsekvensutgreidd:

- Endre frå Hamn til Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg. Hamn er eit fellesanlegg der det er offentleg tilgang til sjø, medan småbåtanlegg er gjerne for mange private, og ålmenn tilgang til sjø kan bli forhindra.
- Endre frå LNFR til Friområde. Eit friområde opnar opp for ein annan type aktivitet, og gjev behov som kan ha konsekvensar for miljø og samfunn.
- Endre frå eit utbyggingsføremaal til eit anna utbyggingsføremaal, der ein ut frå flyfoto ser at området enno ikkje er utbygd.

Austevoll kommune har i plankartet lagt inn mange endringar som fangar opp tiltak og utbyggingar som allereie er gjort, og som ikkje har vore i tråd med gjeldande kommuneplan. I den grad slike tilfelle er synlege i flyfoto, har vi konsekvensutgreidd den juridiske arealendringa frå t.d. LNFR til Bustad, men lagt ein del vekt på at tiltaket allereie er gjennomført. Det er ikkje blitt sjekka opp kva grunngjeving som tidlegare kan ha blitt gitt i samband med t.d. dispensasjonar. I tilråding av kvart enkelt endringsforslag, og i samla temavis vurdering - er det komme fram om tiltak allereie er gjennomført.

Forslaget til ny kommuneplan for Austevoll kommune har fleire område i H910 - som er kvite i plankartet, der reguleringsplan skal gjelda uendra. Her er det nytta omsynssone H910 med føresegn etter § 11-8 tredje bokstav f, og kan nyttast der gjeldande regulering vert vidareført slik ho er vedtatt, utan endringar.

### 3.1.2. Korleis vurderingane er gjort

Konsekvensutgreiinga og ROS- analysen er delt inn i 12 ulike krinsar, og under kvar krins er innspela som er vurdert, lagt inn med kartutsnitt og tabell/omtale. Ein har sett det som føremålstenleg å samordna utgreiinga av verknadane for enkeltområde med ROS- analysen for å gjera dokumentet meir brukarvennleg.

Konsekvensen er eit resultat av den verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad den nye arealbruken vil ramme verdiområdet (påverknad). Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre vise verknaden endringa kan ha innanfor sjølve innspelsavgrensinga, men

også for eventuelle verdiområde rundt (innspelet har eit influensområde som kan vera vesentleg større enn innspelet i seg sjølv).

Verdsetting for eit tema i eit område er henta frå aktuelle datasett. Desse nyttar nasjonale standardar for verdsetting. Ofte har ein her ein A-til C-verdiskala (der A er høgaste verdi), eller ein har ei inndeling med verdi av nasjonal, regional eller lokal interesse. Ein del tema har ikkje geografiske verdiområde og konsekvensvurderinga må gjerast etter ei vurdering av kva grad forvaltningsmål for tema blir oppnådd.

Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert etter ein tredelt skala:

Tabell 3-1 Vurderingstabell for konsekvens, konfliktpotensial og måloppnåing

|  |   |
|--|---|
|  | Ingen kjente vesentlege konsekvensar/moglege konfliktrar innanfor vurderingstemaet. God måloppnåing. I nokre tilfelle kan det også vera positiv konsekvens av tiltak. Dette blir i så fall nemnt.   |
|  | Moderat/middels negativ konsekvens, eller mogleg konflikt som bør kontrollerast nærare ved søknad / utbyggingsplanar / reguleringsplanar, detaljregulering, <u>eller</u> konflikt som vert vurdert som innanfor det akseptable - så lenge det ikkje er fleire vesentlege konfliktrar knytt til innspelet. Moderat måloppnåing.                  |
|  | Klar negativ konsekvens eller sterk konflikt innanfor vurderingstemaet. Kan åleine vera sterk nok grunn til at innspelet ikkje vert tilrådd. Unntaket er om det finst fleire positive konsekvensar / sterkt behov for likevel å tilrå tiltaket. Ved avbøtande tiltak eller arrondering av areal, kan konsekvensen verte endra. Låg måloppnåing. |

For eit slikt overordna nivå vil det for enkelte tema vera meir naturleg å vurdere «konfliktpotensial» eller «måloppnåing», sidan konsekvens gjerne ikkje blir kjent før ein kjem til neste plannivå, eller når tiltak vert konkretisert. I V712 frå Statens Vegvesen er det i forenkla metode påpeika at ein på eit slikt overordna nivå først og fremst vurderer eit *konfliktpotensial*. I denne konsekvensutgreiinga vert også «konfliktpotensial» og «måloppnåing» nytta i tabellane, og det speglar ulike behov som kan variera mellom dei ulike tema.

Etter den tabellariske gjennomgangen av utgreiingstema, er det gjort ei samla vurdering av innspelet. Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk. Nokre tema veg tyngre enn andre. Gjennom oppsummering og fagleg vurdering av konsekvensane er innspelet tilrådd i planforslaget eller ikkje.

Forskrifta for konsekvensutgreiing krev at det i tillegg til ei vurdering av dei einskilde innspela til planen vert gjort ei framstilling av planen sin samla konsekvens for samfunnet. Konsekvensane vert difor samanstillt i ei samla vurdering.

### 3.1.3. Særlege prinsipp og lokale føringar

#### Byggegrense mot sjø og kartlagt funksjonell strandsone for Austevoll kommune

Plan- og bygningslova § 1-8 pålegg kommunen å ta særleg omsyn til verdier i 100-metersbeltet i sjø og vassdrag. Dette gjeld naturverdier, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Stortinget har stadfesta at ein kan ikkje omgå det generelle byggeforbodet i strandsona utan at det er gjort ei konkret vurdering av byggegrense mot sjø og vassdrag jf. Pbl § 1-8.


I samband med planprosessen har Asplan Viak gjort ei konkret vurdering ved å kartlegga funksjonell strandsone i heile Austevoll kommune. Kartlegginga vart gjort med utgangspunkt i metode skildra i Strandsoneplan Sunnhordland<sup>1</sup>. Metoden tok i bruk viktige prinsipp frå strandsonerettleiaren for Hordaland frå 2007<sup>2</sup>, men vart noko justert, mellom anna for å fanga opp planretningslinjer for forvaltning av strandsona, "Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen", fastsett ved kgl.res. av 25. mai 2021, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2.

Kartlegginga er bygd på eksisterande kartleggingar og synfaringar av heile strandsona i kommunen. Målsettinga var å fastsetja avgrensing for funksjonell strandsone, definert i strandsonerettleiaren frå 2007 som *"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet"*. Definisjonen viser til ei funksjonell strandsone som ikkje nødvendigvis følgjer 100-metersbeltet, men som kan vera både smalare og breiare.

---

<sup>1</sup> «Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland. Forstudie. Samarbeidsrådet for Sunnhordland, hovudrapport 22.11.2010, 2010 av Akvator

<sup>2</sup> Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland/Hordaland fylkeskommune 2007.



Figur 3-1. Kartlagt funksjonell strandsone i Austevoll kommune 2019 (Asplan Viak). Denne er lagt til grunn i konsekvensutgreiinga for tema friluftsliv, nærmiljø, folkehelse, og barn og unge.

Funksjonell strandsone i Austevoll er kartlagt smalare enn 100-meterbeltet dersom:

- strandsona er så dominert av inngrep at føremålet med strandsonevernet ikkje lengre gjev meining, til dømes ferjekaiane eller næringsområde

- strandsona er så privatisert av busetnad og/eller andre stengsler at allmenn bruk og ferdsel ikkje lengre er mogleg
- bratt terreng og/eller veg dannar ei naturleg grense mot sjøen.

Motsett er funksjonell strandsona utvida der strandsona inngår i ein større samanheng utover 100-meters beltet, slik som øyane og holmane, samanhengande landskapsform, eller der opne kulturlandskap, bygningsmiljø og landskapsrom omfattar eit heilskapleg område frå fjord til ei klar grense mot veg, skog eller fjell.

Den kartlagde funksjonelle strandsona er ikkje lagt inn som byggegrense (juridisk linje) i plankartet, og det generelle byggeforbodet i strandsona vil dermed gjelda. Den kartlagde funksjonelle strandsona er derimot nytta som eit arbeidsverktøy i konsekvensutgreiinga, særleg når det gjeld tema Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge.



Figur 3-2. Døme på kartlagt funksjonell strandsona i Lindvika. Nedbygd strandsona er ikkje med.

### Arealstrategi for Austevoll kommune - Robuste bygder og Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Arealstrategivurderingane i konsekvensutgreiinga bygger på eit arbeidsutkast for arealstrategi utarbeidd i 2021. Ei viktig føring for arealstrategien har vore Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel (2015) som mellom anna krev at kommunen avklarar senterstruktur i samband med revideringa av kommuneplan. Den peikar og på at sentrumsområda må avgrensast i høve til lokale forhold som mellom anna dagens situasjon og det historiske senteret, terreng, transportknutepunkt og utviklingsbehov.

Den regionale planen tilrår at planlegging bør ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:

- Fylkessenter: inntil 1000m
- Regionsenter og bydelssenter i Bergen: inntil 800m
- Kommunesenter: inntil 600m
- Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast

Målet med Austevoll sin arealstrategi er å stimulera til busetnad og samfunnsutvikling i tettstadene og bygdene, med gode bu- og levevilkår, og det er mellom anna presisert at «Vi vil gjere vurderingar og val der vi kan rette framtidig utvikling mot meir konsentrert bygging i tettstader og bygdesenter. Dette vil vi gjere ved å leggja til rette for fleire einingar, småhus og rekkehus i bygdene, med avstandar til kjerneområde som stimulerer til gang- og sykkelaktivitet i kvardagen, og som kan redusera behovet for å bruke bil.»

Austevoll kommune har arealstrategien utarbeidd ein senterstruktur med 8 senter:


Tabell 3-2: Definerte senter i Austevoll sin arealstrategi. Merk at kvart nivå og har ei meir detaljert skildring av funksjonar og kvalitet i arealstrategien.

| Senternivå     | Stader   | Innhald  |
|----------------|--|--|
| Kommunesenter  | Storebø  | Administrasjonssenter  |
| Lokalsenter    | Bekkjarvik   | Handelssenter og offentleg tenesteyting med vekt på reiseliv- og turistnæring  |
| Nærsenter      | Storekalsøy (Bakkasund), Kolbeinsvik, Hundvåkøy (delt i to separate område: Torangsvåg og Austevollshella) | Funksjonar og tilbod for nærområdet  |
| Robuste bygder | Vik/Vinnes (delt i to separate område: Vik og Vinnes), Stolmen og Møkster                                  | Møkster er ein viktig destinasjon for turist og reiseliv. Har ein del sørvistilbod. Vik og Vinnes er teke med sidan dette er større bustadfelt |

Sidan Hundvåkøya og Vik/Vinnes har vorte inndelt i to separate område kvar, er det i praksis 10 senter som er definert av kommunen.

Alle senter er av kommunen teikna inn med konkrete avgrensingar i kart. Fem av dei er mindre enn 1 km i diameter<sup>3</sup> medan Bakkasund, Torangsvåg og Austevollshella er ca. 1,2 km i diameter. Avgrensinga til Bekkjarvik er nesten 2 km i diameter, medan Storebø er godt over 4 km frå Nordre Haugland i nord til ungdomsskulen i sør.

<sup>3</sup> Målt i luftlinje på det breiaste.



Figur 3-3: Senterområde slik dei er definert i arealstrategien til Austevoll kommune.

Den regionale planen for attraktive senter (ibid.) har og føringar for kva sentera bør innehalda, m.a. «eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod». I arealstrategien for Austevoll er det og nokre strategiar for kva senter bør innehalda. Ein har då m.a. vektlagt bustadområde, næring, grendehus eller andre møteplassar, butikk,

kollektivtilbod, post, barnehage/skule, kyrkje, område for fysisk kvardagsaktivitet og stiar/friluftsliv.

For å oppnå attraktive senter i Austevoll kommune er det viktig at ein styrker dei sentera ein har peika ut ved å etablera føremåla som er lista opp i arealstrategien, innafør senteravgrensingane. Innspel som gjeld føremål som bustader, næringsaktivitet (ekskl. industri, akvakultur, fiskeri og hamnerelatert næring), handel, grendehus, skule, barnehage og andre offentlege og private tenester må ligga i sentera.

I konsekvensutgreiinga er arealstrategien tolka slik at alle senternivåa kan ha bustader (bustader bør ikkje ligga utanfor avgrensingane). Andre funksjonar bør ligga enten i kommunesenter, lokalsenter eller nærsenter. I konsekvensutgreiinga har ein og konkret lagt følgjande til grunn:


- Mange innspel gjeld fritidsbustader. Desse bør i utgangspunktet ikkje ligga i sentrum fordi sentrumsareal bør nyttast til andre føremål.
- Svært mange av innspela som gjeld næring er knytt til aktivitet som ikkje kan ligga i sentrumsområda fordi tiltaka er knytt til sjø og hamn (fiskeri, akvakultur, maritim sektor og turisme), og difor vanskeleg vil kunne finna tilgjengeleg areal i sentrumsområda. I tillegg er desse innspela ofte knytt opp mot eksisterande aktivitet og næringsområde som er utanfor sentera.
- Mange innspel gjeld ønske om småbåtanlegg og naust. Desse må ligga der det er naturgitte forhold for dette, og gjerne i tilknytning til eksisterande anlegg. Svært ofte vil dette vera utanfor sentrumsområda.

### 3.2. Metode for risiko og sårbaranalyse (ROS)

Direktoratet for samfunnstryggleik- og beredskap tilrår at kommunane nyttar kommuneplanen sin arealdel for å ta eit heilskapleg grep om arealbruken.

Risiko- og sårbaranalysen som er gjort i samband med rullering av Austevoll sin kommuneplan har som mål å identifisera uønskte hendingar slik at ein unngår eller reduserer tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur. Alle delområde i kommunen der det vert søkt endring av arealbruk (utbygging), er vurdert for potensiell fare, og risikofaktorar som kan få betyding for arealbruken er synleggjort.

Vurderingane er gjort i fem trinn, i tråd med metodikk som er skildra i DSB sin rettleiar for ROS-analysar (2017).



Figur 3-4. Trinna i ROS-analysen (Basert på DSB sin rettleiar 2017).

Vurderingane er gjort på grunnlag av informasjon frå Austevoll kommune sin administrasjon, kjend kunnskap, og dei vanlegaste databasane er nytta for å innhenta kartlagt kunnskap. Kartdatabasane viser «aktsemdsområde» fleire stader i kommunen. Dette er potensielle fareområde, men faregraden er ikkje talfesta og gjev oss difor ikkje opplysningar om sannsynet eller gjentaksintervallet for den eller dei faretypene som kartet omhandlar. I ROS- analysen er aktsemdsområda sett til gult (*sjå akseptkriterier nedanfor*), og det vil i desse områda vera behov for nærare utgreiing før ein veit om området støttar tryggleikskrav og om aktuelt området kan omdisponerast/byggast i.

Austevoll kommune har ein [overordna og heilheitleg ROS-analyse](#) som var revidert 23.01.2013 i samband med gjeldande kommuneplan (Tippetue Arkitekter AS 2013). Den heilskaplege ROS-analysen for Austevoll kommune gjev ein overordna oversikt over risiko og sårbarheit, avdekkjer potensiell fare, og seier noko om beredskapsnivået i kommunen. Omgrepa risiko, sårbarheit, sannsyn og konsekvens er nytta.

Metoden som no er brukt i samband med rullering av kommuneplanen, er henta frå den overordna og heilskaplege ROS- analysen til kommunen, rettleiaren for heilskapeleg ROS frå DSB (2014) og DSB sin rettleiar for ROS-analysar (2017).

*Risiko* er definert som «et produkt av sannsynligheten for at en hendelse inntreffer og konsekvensen dersom den inntreffer» (Stortingsmelding 10 (2016-2017)). Sidan risiko er eit produkt av sannsyn og konsekvens, kan vi redusera risiko enten ved å setta i verk

sannsynsreducerande tiltak for å redusera/hindra hyppigheten til hendinga, og/eller setta i verk konsekvensreducerande tiltak for å minska skadeomfanget knytta til hendinga.

*Sårbarheit* seier noko om evna eit system har til å stå imot ei hending, og evna systemet har til å tola ei hendig når ho først skjer. Ein robust kommune har evne til å stå imot og tola uønskete hendingar, og klarer raskt å henta seg inn igjen etter ein svikt.

*Sannsyn* er definert ut frå kor ofte uønskete hendingar kan inntreffa basert på erfaring, fagkunnskap og tilgjengeleg informasjon. Informasjonsgrunnlaget skal gjera det enklare å gje ein indikator på kor ofte hendingane skjer. Dei ulike kategoriane for sannsyn er vist i tabellen under.

Tabell 3-3 Kategoriar for sannsyn. Frå DSB sin rettleiar 2017

| Sannsynskategoriar | Tidsintervall                          | Sannsyn (per år) |
|--------------------|--|------------------|
| Høg                | Oftare en 1 gong i løpet av 10 år      | > 10 %           |
| Middels            | 1 gong i løpet av 10-100 år            | 1-10 %           |
| Låg                | Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år | < 1 %            |

*Konsekvens* er verknaden den uønskete hendinga kan få i området.

*Sammenfatning av sannsyn og konsekvens:* Ei risikomatrise blir normalt delt inn i tre kategoriar og illustrert med fargar der risikoen blir vurdert som høg, middels eller lav. Fargane viser rødt for høg risiko, gul for middels risiko og grøn for lav risiko. Det er produktet av verdien for sannsyn multiplisert med verdien for konsekvens som avgjer plasseringa. Tabell under viser ei slik matrise, her med fem kategoriar.

Tabell 3-4 Risikomatrise

| Konsekvens \ Sannsyn | Svært små | Små  | Middels | Store | Svært store |
|----------------------|-----------|------|---------|-------|-------------|
| Svært høg            | Grøn      | Gul  | Rødt    | Rødt  | Rødt        |
| Høy                  | Grøn      | Gul  | Rødt    | Rødt  | Rødt        |
| Middels              | Grøn      | Gul  | Gul     | Rødt  | Rødt        |
| Låg                  | Grøn      | Gul  | Gul     | Gul   | Rødt        |
| Svært låg            | Grøn      | Grøn | Grøn    | Gul   | Gul         |

Tabell 3-5. Risikomatrise med akseptkriterier henta frå DSB sin rettleiar 2017.

|       |   |
|-------|---|
| Grønn | Akseptabel risiko - risikoreducerande tiltak ikkje naudsynt |
| Gul   | Akseptabel risiko - risikoreducerande tiltak må vurderast   |
| Rød   | Uakseptabel risiko - risikoreducerande tiltak er naudsynt   |

Risiko og sårbaranalysen har lagt til grunn at alle akvakulturanlegg vert etablerte i tråd med NYTEK-forskrifta. Denne skal bidra til å førebygga rømming av fisk frå flytande akvakulturanlegg ved å sikra forsvarleg teknisk standard på anlegga.

### 3.3. Klimatilpassing, vind, havnivåstiging og bølgepåverknad

Omgrepet klimatilpassing handlar om at samfunnet vårt må tilpassast eit klima i stadig endring. Endringane har konsekvensar for samfunnet vårt, og aukar framtidig risiko. Mot slutten av hundreåret er det venta at klimaet vert varmare, og nedbørsmengda er venta å auka. Dette kan føra til høgare sannsyn for ulike typar skredhendingar, og då særleg vassrike skredhendingar, samt høgare sannsyn for flaum og erosjon. Klimaendringane kan også føre til auka skog/lyng/grasbrannfare, då det er sannsynleg at det kan oppstå lengre periodar med lita vassføring på vårparten/somrane. Den pågåande attgroinga i landskapet i eit stadig varmare klima, fører også til større brannfare/brannsmitte. Det vert her tilrådd at kommunen tek ansvar for at det vert laga tilfredsstillande og gode rutinar for rydding av skog/kratt/gras/lyng for å fremja tryggleik i høve til brann.

Heile kommunen ligg vindutsett til. Generelle klimamodellar syner lita endring i vindforhold fram mot år 2100. Det er likevel mykje som kan tyde på at vindstyrke og intensitet kan auke når temperaturane vert varmare enn i dag. I vinterhalvåret er det mest vind frå sør og søraust, der vindstyrke ved maksimal intensitet kan vere opp mot orkan. I sommarhalvåret kjem vinden hovudsakleg frå nord med vindstyrke ved maksimal intensitet er storm (info frå Austevoll kommune). Stolmen og sørlege del av Selbjørn er særleg utsett for ekstremvêr i form av kuling og springflo/stormflo. Grasdalsjøen på Selbjørn og Våge sør på Stolmen er utpeikte risikosoner (overordna ROS, Austevoll kommune 2013). Det er viktig at det vert teke omsyn til lokale vindforhold og forsvarleg overvasshandtering ved nye tiltak.

Når det gjeld fare for ekstremvêr meiner FN's klimapanel at det er sannsynleg at menneskeskapte utslepp av klimagassar har resultert i fleire tilfelle av høge temperaturar og uvanleg høgt havnivå. Det er fleire årsaker til at havet stig. Konsekvensar er m.a. at havnivåstiging vil føre til at stormflo og bølger strekker seg lenger inn på land enn det som er vanleg i dag. Det betyr at område som ligg lågt og nært sjø, vert liggjande meir utsett til i framtida. Stormflo kan m.a. hindra skipstrafikk å leggja til kai. For stormflo gjeld dei same tryggleiksnivåa som for flaum.

Det er fram mot år 2100 venta nedbørsendring på 20- 25 % (miljøstatus.no). Det er svært viktig at kommunen har eit velfungerande vass- og avlaupsanlegg, og at kommunen planlegg forsvarleg overvasshandtering i tidlege planleggingsfasar, då store

nedbørsmengder kan føra m.a. til at avlaupsnett vert fylt att. Kommunen har eit VA-anlegg som er sårbart for leidningsbrot, og der trykk i ytre delar av nettverket er lågt.

Det er venta at havnivåstigning kombinert med stormflo og bølger vil råke både nye og allereie utbygde område i strandsona. Vurderingane som er gjort i ROS-analysen byggjer på opplysningar frå rapporten *Havnivåstigning og stormflo*, publisert i 2016 av Direktoratet for samfunnstryggleik og stormflo, DSB. Rapporten frå DSB basera seg igjen på rapporten «*Sea Level change for Norway- past and present observations and projections to 2100*» frå 2015. Tala i rapportane er korrigert for landheving, og syner forventa framtidig havnivåstigning og returnivå for stormflo. I tillegg må tala korrigerast for kva slags kartgrunnlag kommunen brukar. Omsynssone for havnivåstigning med klimapåslag skal alltid utarbeidast i samsvar med tryggleikskrava i TEK17.


Tiltak for å tilpassa arealbruk til endringar i klima skal følgjast opp gjennom arealføremål, føresegner og omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen.

For Austevoll kommune er forventa havnivåstigning fram mot år 2100 på 70 cm. Bølgjepåverknad er ikkje inkludert i desse tala, og det er difor viktig å inkludera oppdatert kunnskap om lokale vind- og bølgetilhøve i områda.

For kommuneplanen vert det tilrådd å leggja inn ei omsynssone for stormflo og havnivåstigning frå kote 0 til kote +2,5, og då er også noko bølgjepåverknad inkludert. Nøyaktig høgde/kote tilpassa type tiltak må vurderast i kvart enkelt tilfelle ut ifrå dei lokale tilhøva.

|   |                                 |   |                                 |   |                                 |
|---|---------------------------------|---|---------------------------------|---|---------------------------------|
| Sikkerhetsklasse 1<br>(TEK10/17)<br>med klimapåslag | <b>182 cm</b><br>over<br>NN2000 | Sikkerhetsklasse 2<br>(TEK10/17)<br>med klimapåslag | <b>195 cm</b><br>over<br>NN2000 | Sikkerhetsklasse 3<br>(TEK10/17)<br>med klimapåslag | <b>202 cm</b><br>over<br>NN2000 |
|---|---------------------------------|---|---------------------------------|---|---------------------------------|

Figur 3-5. Tryggleiksklassar etter TEK 17 for byggverk i stormflo-utsette område, Austevoll kommune (Storebø). Her vises også forventa vasstand ved stormflo, inkl. havnivåstigning i cm over NN2000 (kjelde: kartverket.no)



Figur 3-6 . Kartutsnittet viser Torangsvåg, med havnivå år 2090 og 200-års stormflo

### 3.4. Tematisering, kjelder og vurderingskriterier

Tema og problemstillingar frå planprogrammet er systematisert i 7 hovudtema for KU og 3 hovudtema for ROS. Kategoriane dekker dei tema som er lista opp i planprogrammet.

Tabell 3-6. Liste som viser temainndeling for konsekvensutgreiing og ROS

| Konsekvensutredning                               | Beredskap, ulykke, risiko og sårbarheit |
|---|---|
| Landskap og kulturarv                             | Ekstremvær og havnivå                   |
| Natur og biologisk mangfald                       | Naturfare og ras/skred                  |
| Naturressursar                                    | Støy                                    |
| Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge |   |
| Vassmiljø og ureining                             |   |
| Teknisk infrastruktur                             |   |
| Arealstrategi                                     |   |

Tabellen under viser kva kvart tema omhandlar, kva kunnskap vurderingane bygger på, og kva kriterier vil legg til grunn for vurderingane av konsekvensar og ROS-tilhøve.

Tabell 3-7 Tabell over tema, kunnskapsgrunnlag og vurderingskriterier

| Tema  | Kunnskapsgrunnlag  | Vurderingskriterier   |
|---|--|---|
| <b>Landskap og kulturarv</b><br>Visuelt sårbart eller eksponert landskap<br>Kulturminne med kjente, kartfesta objekt  | Landskapskartlegging med verdisetting.<br>Askeladden<br>Sefrak-registrerte bygg<br><a href="#">Kartlegging av sjøbruksmiljø</a> ,<br>Hordaland fylkeskommune<br>Flyfoto  | Vurdert negativt: Forslag til utbygging som vil kunne bryte samanhengande landskapsrom og landskapssamanhengar, og/eller der det er konflikt med kjente kulturminne direkte eller visuelt. Utslag av negativ påverknad vil ofte vera størst i landskapsområde som har stor verdi (over gjennomsnittet i regional samanheng), og der omsyn til natur- og kulturlandskap er særleg viktig. Dette er område som kan ha låg toleevne, medan landskap med få verdiar er mindre sårbare. Som overgangssone er strandsona særleg viktig for visuelle samanhengar og kvalitetar. Ein bør vera varsam med å bygga på knausar, toppar og åsar som er eksponerte i landskapet. I mange tilfelle vil ikkje dette kunne vurderast før tiltak er blitt konkrete. Det er gjort merknad i dei innspelsområda der det er særleg høgt potensial for automatisk freda kulturminne som per i dag ikkje er kjent. Ved høgt potensial for arkeologiske funn er dette likevel ikkje vektlagt i setting av konsekvensgrad, i tråd med etablert KU-metodikk etter V712 Statens vegvesen. Potensial for marine funn (i sjø) er ikkje vurdert. |
| <b>Natur og biologisk mangfald</b><br>Verna natur<br>Arter av nasjonal forvaltningsinteresse<br>Raudlista artar<br>Viktige naturtypar<br>Økologiske funksjonsområde for artar<br>Gyteområde for fisk<br>Geostader/geologisk arv | Flyfoto<br>SAT-SKOG frå NIBIO<br>Naturbase<br>Artskart<br>NiN-Web<br>Vann-nett<br>Norsk rødliste for arter 2021<br>Fiskeridirektoratet wms<br>Vann-nett (MDIR/NVE)<br>Fiskeridirektoratets kartteneste<br>geo.ngu.no<br>AR 5<br>NARIN<br>skogområdeundersøkelser | Vurdert negativt: endring som kjem i konflikt med raudlista artar og område viktig for naturmangfald (verneområde, naturtypar, habitat for artar av forvaltningsmessig interesse, gyte- og oppvekstområde for fisk og viktige leveområde for fugl og vilt utanfor verneområde). Konfliktpotensialet er og vurdert som stort/ moderat for område med potensielt viktig natur som kan gå tapt. Potensialet for funn av verdifull natur er vurdert ut frå flyfoto og andre kartlag med informasjon om vegetasjon. Slike område er til dømes areal med myr, lynghei og eldre skog. I sjø er aktivitet som gjev mykje ureining for organismar på botnen og i dei frie vassmassane vurdert å ha eit større konfliktpotensial enn andre typar arealinngrep.  |
| <b>Naturressursar</b><br>Fiskeri, landbruk<br>Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven  | Kystnære fiskeridata (Fiskeridirektoratet)<br>Gytefelt og gyteområde, beiteområde, eksisterande akvakultur. Fiskeplassar, rekefelt, låssettingsplassar.<br>Geo.ngu.no  | Vurdert negativt i sjø: forslag til utbygging som har kjent arealkonflikt med kartlagde gyteområde for artar av økonomisk interesse, beiteområde for fiskeriressursar, fiskeplassar for aktivt og passivt reiskap, eller som gjennom føreslått aktivitet kan påverke eller gi restriksjonar for slike område. Føreslåtte område for   |

|  |   |   |
|--|---|---|
|  | <p>Verdiklassar for jordbruksareal og dyrkbar jord (NIBIO)</p> <p>Omsynssoner landbruk i KPA</p> <p>Markslag (DMK / AR5)</p> <p>Arealressurskart - AR250 og AR50 -</p> <p>Dyrkbar jord</p> <p>Jordsmonn - WMS</p>   | <p>akvakultur som kan gi auka sjukdomsrisiko for eksisterande akvakulturaktivitet er ikkje vektlagt.</p> <p>Vurdert negativt på land: endring av areal med fulldyrka jord og areal som eignar seg for oppdyrking til fulldyrka jord. Endring av areal innanfor areal med overflatedyrka jord, areal med innmarksbeite og areal med dyrkbar jord er ikkje vurdert like negativt som for dei første kategoriane. Det finst ingen innspelsområde innanfor omsynssone for landbruk (KPA).</p> <p>Sjølv om eit område er avsett til næring eller anna byggeføremål i gjeldande kommuneplan, vert endringar i området vurdert opp mot dagens situasjon dersom området består heilt eller delvis av natur.</p>   |
| <p><b>Vannmiljø og ureining</b></p> <p>Miljømål for vassdrag, grunnvatn og sjøområde</p>   | <p>Vann-Nett.no</p> <p>Naturbase,</p> <p>vannmiljo.miljodirektoratet.no</p> <p>Grunnforureinings-databasen.</p> <p>KPA, gjeldande</p>   | <p>Område i eller i nærleiken av sjø:</p> <p>Forslag til akvakulturområde er vurdert negativt på grunn av utslepp, smitte og risiko for rømming. Forslag til vindparkområde er vurdert negativt på grunn av moglege fysiske inngrep ved etablering av vindpark.</p> <p>Nye område for hamn/småbåtanlegg er vurdert negativt på grunn av risiko for utslepp av miljøskadelege stoff til vatn.</p> <p>Område på land:</p> <p>Nye utbyggingsområde som kan gje auka utslepp av til dømes avlaupsvatn til sårbar resipient, er vurdert negativt. Resipientar er vurdert på grunnlag av miljøtilstand i vassførekomstane og topografi/vassutskifting. Område der vassdrag går gjennom eller i nærleiken, er vurdert med lågt eller moderat konfliktpotensial. Område i nærleiken av drikkevasskjelde er vurdert negativt. Utslepp av karbon ved nedbygging av karbonrike areal er ikkje vurdert, men dette er areal som gjerne har stort samanfall med m.a. myr og skog.</p> |
| <p><b>Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge</b></p> <p>Interesser knytt til bustad- og oppvekstområde, friluftsliv, fysisk aktivitet, leik og rekreasjon, opplevingskvalitetar</p> | <p>Skular, barnehage</p> <p>Arealbruk - SSB - WMS</p> <p>Kartlagt funksjonell strandsone</p> <p>Kartlagde lokale område for turveggar, badeplassar og liknande.</p> <p>Kartlagde friluftslivsområde - Statleg sikra friluftsområde</p> <p>Regional plan for folkehelse i Vestland</p> | <p>Forslag til utbyggingsområde er vurdert ut frå eit skjønn med tanke på tilhøve for friluftsliv, nærmiljø folkehelse og barn og unge. Endringar som kan gje meir kvalitet for tema, er vurdert positivt. Område som svekker viktige samanhengar, eller reduserer kvalitet for friluftsliv, folkehelse og barn og unge er vurdert negativt. Endring av areal innanfor statleg sikra friluftsområde og kartlagde friluftsområde i Naturbase med verdiane A eller B er vurdert negativt. Endring av areal innanfor areal med kartlagde friluftsområde i Naturbase med verdi C, og ikkje</p>  |

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser klassifiserte friluftsområde, er ikkje vurdert like negativt som dei første kategoriane.

Statlig retningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø Endring som har konsekvens for funksjonell strandsone er vurdert negativt - særleg dersom ålmenn tilgang vert redusert.

|   |   |  |
|---|---|--|
| <p><b>Teknisk infrastruktur</b></p> <p>Kommunalt vatn, avløp, straum og veg</p> | <p>NVE.no (nettanlegg)</p> <p>Miljødirektoratet.no (Avløp)</p> <p>Kartlagt VA-anlegg (Austevoll kommune)</p> <p>Vegdatabank</p> | <p>Det er ei målsetting å nytta eksisterande investeringar mest mogeleg effektivt ved nybygging. Kort avstand til offentleg eller privat veg vil gje mindre terrenginngrep. Kort avstand til vassverk inneber eit tryggleiksmoment ved betre tilgang til sløkkjevatt ved brann. Det finst eit omfattande kommunalt vegnett og vass- og avlaupsnett (v/a-nett) i kommunen. Avlaupssystem er vurdert der dette finst kartlagt.</p> <p>Forslag til utbyggingsområde der det i dag manglar veg er på generelt grunnlag vurdert noko negativt. Det same gjeld der det manglar VA-anlegg og straum i nærområdet, og der slik teknisk infrastruktur er viktig for føremålet. Utbyggingsområde der noko av dette finst i nærområdet og/eller der slik infrastruktur ikkje er vesentleg for føremålet er vurdert med gul farge. Småbåthamner krev meir infrastruktur enn enkle småbåtanlegg. For akvakultur er det vurdert positivt om nettanlegg på land kan gje moglegheit for landstraum.</p> <p>Avstand til teknisk infrastruktur er vurdert skjønsmessig. Det er ikkje vurdert om der er kapasitet i teknisk infrastruktur til å tola endringsforslaget, men ein gjer merksam på at Austevoll sitt VA-anlegg har ikkje optimal kapasitet, og er m.a. sårbart for leidningbrot. Arealendringar med lang avstand til hovudstamme for VA er generelt ei større utfordring med tanke på kapasitet. Det er kjent at det er trong for kapasitetsauke for å sikra sløkkevatn i fortettingsområde og i nye bustad- og næringsområde.</p> |
| <p><b>Arealstrategi</b></p> <p>Samordna areal- og transportplanlegging</p>      | <p>Kommuneplanen</p> <p>Arealstrategien, særskilt den geografiske avgrensinga til dei 10 senterområda.</p>                      | <p><i>Bustader:</i> Det er vurdert positivt om endringsforslag ligg innafør sentrumsavgrensingane. Dersom delvis utanfor sentrumsavgrensinga må ein vurdera justering av grensene.</p> <p><i>Næring:</i> Det er vurdert positivt om næring er foreslått innafør sentrumsavgrensingane. Samstundes er det mange typar næring som ikkje alltid vil kunne liggja innafør sentrum, m.a. næring knytt til sjø og hamn og/eller som er knytt til allereie eksisterande næringsaktivitet.</p>   |

|  |   |   |
|--|---|---|
|  |   | <p>Dette er primært fiskeri, akvakultur og maritim aktivitet, men også rorbuer.</p> <p><i>Fritidsbustader:</i> Dette føremålet er ikkje omtalt i arealstrategien, men forslag om endringar som ligg innafør sentrumsavgrensingar er i utgangspunktet vurdert negativt. Sentrumsareal bør heller nyttast for bustad og næring.</p> <p><i>Tiltak som er lite/ikkje relevant i høve arealstrategien:</i> I konsekvensutgreiinga er mange endringsforslag vurdert som lite/ikkje relevant i høve arealstrategien», og vert i utgangspunktet akseptert fordi dei dermed ikkje er i strid med denne strategien. Døme på dette er småbåtanlegg og friluftsområde.</p>  |
| <p><b>Ekstremvær og havnivå</b></p> <p><b>Naturfare og ras/skred</b></p> | <p>Overordna ROS, Austevoll kommune</p> <p>Atlas.nve.no</p> <p>Rapport havnivåstigning</p> <p>Flybilette</p> <p>NIBIO (data på skog)</p>                          | <p>Vurderingane følger tabell 3-4 over, der ein ut frå ulike aktsemdskart vurderer om risiko er akseptabel eller uakseptabel. Endringar som ligg i aktsemdskart for skred, stormflo, havnivåstigning og flaum er vurdert «gul», og må vurderast nærare. Endringar som ligg nær skog og lyng, og under marin grense med ikkje synleg bart fjell på flyfoto/lausmasser er også merka gult med tanke på fare for høvesvis skogbrann og kvikkleireskred.</p> <p>Endringar som ligg på ei høgde og elles ikkje ser ut til å liggja i livd for vær og vind, er vurdert «gul».</p> <p>Raud kategori er ikkje nytta, då ein på dette plannivået ikkje har utgreiingar av reell fare.</p>  |
| <p><b>Støy</b></p>   | <p>Støykart SVV</p> <p><a href="#">Retningslinje for støy i arealplanlegging. (2021)</a></p> <p>Kjennskap til aktivitet i dag som gjev støy (dialog kommunen)</p> | <p>Utbygging som er rekna som støykjensleg er bustader, fritidsbustader, helsebygg, skular og barnehagar. Dette er ei uttømmende liste.</p> <p>Raud støysone (62 desibel og over desibel) er område som ikkje er egna til støykjenslege bruksføremål.</p> <p>Utbygging for såkalla «støykjensleg» bruk i raud støysone bør ikkje vera tillate, med mindre det er i prioriterte sentrums- og utviklingsområde. Gul støysone (52-62 desibel) er ei vurderingssone der støykjenslege føremål kan oppførast dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støytilhøve.</p> <p>Det er i tillegg vurdert om ny arealbruk kan avgje ny støy som påverkar støykjenslege bygg i nærområdet. Det er og vurdert om ny arealbruk kan avgje støy som kan redusera viktige opplevelseskvalitetar i nærområdet.</p> |

### 3.5. Usikkerheit

Alle vurderingar er basert på kjent kunnskap i offentlege register, og opplysningar som er oversendt frå Austevoll kommune. Få av kjeldene er komplette og kvaliteten og alderen på data kan variera. Vi har ikkje tatt stilling til når registreringane for ulike tema er gjort. Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg høve til plannivået, og det er trong for meir detaljert kunnskap ved til dømes ein reguleringsplan.


Det vil alltid vera ein grad av usikkerheit knytt til risikovurdering. Tilgang på relevant kunnskapsgrunnlag i form av til dømes statistikk og erfaring frå tilsvarande situasjonar, vil kunne påverke usikkerheit. For ein del typar hendingar, inkludert hendingar der sannsyn vert påverka av klimaendringar, vil det også vera usikkert i kva grad historiske data kan nyttast for å seia noko om framtida.

SEFRAK er eit kulturhistorisk register for kulturminne frå nyare tid (i hovudsak bygningar frå før 1900), men i Austevoll omfattar registeret berre Selbjørn. Dette er difor ei kjelde som ikkje er komplett, og er lite vektlagt.

### 3.6. Vurdering av samla konsekvensar av planforslaget

For kommuneplanen sin arealdel krev KU-forskrifta at ein i tillegg til å vurdera verknaden av kvart forslag, og skal vurdera dei samla verknadane som arealendringane vil ha. Dette inneber at dei ulike områda vert sett i samanheng og at ein ser kva verknader summen av endringane vil ha for miljø og samfunn. Dei samla vurderingane er grunnlag for å vurdera om den samla belastninga vert for stor og ein har moglegheit til å justera dette før planen vert lagt ut på høyring.

I denne planen må ein i tillegg ta høgde for at mange av endringsforslaga gjeld tiltak og utbyggingar som allereie er gjort, og at planen justerer føremål etter faktisk situasjon. I samla konsekvens bør ein difor få fram eit skilje mellom kva som allereie har skjedd, og kva som planen legg opp til av vidare utvikling.



Figur 3-7. Døme på samla vurdering for to endringsforslag om småbåtanlegg på Skårøya. Skilnaden i «rødt» og «gult» ligg i hovudsak i at forslaget i vest i liten grad er utbygd, medan forslaget i aust allereie er etablert (visuelt observert på flyfoto). Dette er omtalt i vurderinga. Det er viktig at kommunen unngår at endringar i kommunen skjer i to trinn, dvs. ei avvising i kommuneplanen, deretter godkjenning via dispensasjonar som blir tekne inn ved neste rullering.

## 4. Verdier og viktige tilhøve i Austevoll

Austevoll ligg ved ytterkysten av Midthordland i Vestland fylke. Kommunen er knytt til fiske som hovudnæringsveg, både historisk men også i dag. Havbruksnæringa har hatt stor vekst dei siste 30 åra, og kommunen er ein av dei største i landet når det gjeld lakseoppdrett. Storebø er kommunesenteret. Her finst over 660 øyar, holmar og skjær, med ei samla strandlinje på over 330 km.

### 4.1. Landskap og kulturarv

I verdivurderinga av landskap i Hordaland fylke (Aurland naturverkstad 2011), er delar av Austevoll gitt stor verdi. Dette er eit område frå dei vestlegaste småøyene som ligg ut mot Nordsjøen, inn Skoltafjorden og Møkstrafjorden, og øyene Litla Kalsøy, Stora Kalsøy og Møkster. Her finn ein open og storskala skjergard der øya Møkstra er eit sentralt element. Området har velhaldne lyngheier og eit tradisjonelt, småskala jordbruksområde med lang og tydeleg historisk kontinuitet. Elles i kommunen har landskapet middels verdi eller er vanleg førekommande landskap.

Strandsona (100-metersbeltet) utgjer om lag 34% av kommunen sitt areal (Akvator 2010). I ein øykommune som Austevoll er særleg overgangen mellom sjø og land viktig for visuelle samanhengar og kvalitetar i landskapet. Strandsona er ei viktig ressurs kor ein opplever stadig større arealpress og interessekonfliktar. Fleire stader er landskapet i ferd med å endra karakter ved at kystlinje og strandsona er sterkt bygningspåverka. Dette gjeld særleg nord på Selbjørn og vest for Storebø.



Figur 4-1. Bygging i strandsona i Austevoll. Tett bustadutbygging ved friområde. Foto: Asplan Viak. Kjelde: Veileder 3D-modell i strandsonen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

På generelt grunnlag er det viktig å sikra:

- at store, samanhengande landskapsrom og landskapssamanhengar ikkje vert brotne.

- at strandsona ikkje vert ytterlegare nedbygd
- underbygge og styrke sentrale landskapselement og karaktertrekk, Ein bør vere varsam med å byggje på knausar, toppar, og åsar som er eksponerte i landskapet.

Fiskeri og sjøretta næringar har vore, og er framleis det viktigaste næringsgrunnlaget i kommunen. Nasjonal kulturminnedatabase Askeladden viser eit rikt tilfang av kulturminne. Relasjonen til sjøen er tydeleg, og fortel om kor viktig kombinasjonen fiske, fangst og jordbruk har vore. Dei eldste funna er frå byrjinga av steinalderen, for 10 000 år sidan. Menneska levde av jakt, sanking og fiske, og flytta ofte på seg. Buplassar, om lag 70 stk., med datering frå steinalderen finst over heile kommunen. Om lag 30 av dei ligg på Stolmen. I siste del av steinalderen og i bronsealderen (ca 2000-500 f.Kr) vart husdyrhald og jordbruk noko meir vanleg, og folk vart meir bufaste. På Storebø er det funne tre flintsigdar frå siste del av steinalderen (Askeladden ID 97418). Dei er om lag 18 cm. lange, og kan tolkast som enten offer eller depot. I bronsealder og jernalder endra gravskikken seg, og det finst freda graver i store delar av kommunen, mellom anna Bakkasund, Hufthamar, Storebø, Møkster og Selbjørn. Eit søk i nasjonal database for kulturminne - Askeladden - gjev treff på noko over 30 stk. På Kongsfjellet ligg fire av dei, mellom anna «Steinruo» som er 20 meter i tverrmål. Røysa ligg på kanten av fjellryggen, og med stort utsyn. Ei anna imponerande røys er Kolhaugen (ID 25768) ved Bekkjarviksundet, sjå bilde.



Figur 4-2. Utsnitt frå Google maps som viser Askeladden ID 25768. Gravrøys på Uglenes (Kolhaugen). Røysa er 18 meter i tverrmål og ligg tronande over Bekkjarviksundet. Datering er uvis, men plasseringa er klassisk for bronsealder (1800-500 f.Kr). Kulturminnet inngår i prioritert utval av arkeologiske kulturminne i Austevoll (Hordaland fylkeskommune 2015).

Frå eldre jernalder (500 f.Kr - 600 e.Kr) er det kjent to dyrkningslokalitar på Storebø (ID 241011 og 12). Der er elles over 15 kulturminne som er datert til jernalder. Dette er perioden då ein reknar med at avskoging og hovudekspansjonen av kystlyngheiene skjedd. Kystlyngheiene på Austevoll er del av eit større belte der fleire tusen år gamle driftsmetodar har halde seg fram til vår tid.

Frå yngre jernalder er det mellom anna kjent ei hustuft i Steinsvika, Bakka (ID 36147). Frå mellomalder vet ein at det var kyrkjestad på garden Austevoll på 1600-talet. Der var og kyrkje på Sandtorv og Møkstra. På 1600-talet vaks det fram handels- og gjestgjevarstader, mellom anna i Bekkjarvik, Bakholmen, Bakkasund, Krosshamn, Stolvågen mfl. Bakholmen kan vera den eldste, og var truleg gjestgjevarstad allereie i mellomalderen (grind.no).


Austevoll kommune har 20 marine kulturminne i Askeladden-registeret. Mange av dei er skipsfunn, og det finst særleg mange ved Marsteinen, Bekkjarvik og Bakholmen. Aukande krav til tryggleik på sjøen gjorde at ein på 1800-talet fekk fyrstasjonar. Fyret ved Økshammaren sør for Bekkjarvik er eit vedtaksfreda fyrstasjon frå midten av 1800-talet, opphavleg for sildefisket, men vart seinare ledefyr. Krigsåra sette spor etter tyskarane på Stolmen og Marsteinen fyrstasjon (Ibid.).

Kommunen sin kulturminneplan listar opp mange kulturmiljø og enkeltminner som har høg kulturhistorisk verdi, og omfattar mellom anna kyrkjestader, gardsanlegg, samferdselsminner, tekniske kulturminne, forsamlingshus og krigsminne. I tillegg er det påpeika at kommunen har spor som er viktige for kulturlandskapet, slik som steingardar, torvmyrer og torvhus. Eit av kulturminna som er særleg framheva er Hufthamartunet nord på Huftarøy, som viser ei 300 år gammal bygningshistorie for eit typisk gardstun på Austevoll. Her finn ein bustadhus, løe, stabbur og potetkjellar.

Kommunedelplan for kulturminne for Austevoll påpeikar desse kulturminna som utvalde:

1. Gravrøyser Kongsen på Selbjørn (ID 6686 mfl.)
2. Steinalderbuplassar Drivenes på Selbjørn (ID 145498 mfl.)
3. Gravrøys Storebø på Huftarøy (ID 97714).
4. Gravrøys Eidsbøen på Huftarøy - (ID 55434)
5. Gravrøys Kolhaugen Bekkjarviksundet på Huftarøy (ID 25768)
6. Gravrøys Aratua/Grønestølen på Hufthamar (ID 55432)

Kartet til høgre er henta frå rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne BARK (Hordaland fylkeskommune 2012). Objekt nr. 6 i lista over er ikkje med.




Kommunedelplanen har i tillegg ein gjennomgang av svært mange viktige kulturminne for kommunen der ein del av dei er kartfesta i Askeladden, men mange er det ikkje.

## 4.2. Naturmangfald

Ettersom det har vore jordbruksaktivitet over lang tid er naturverdiane i Austevoll i stor grad knytt til gammal kulturmark, forma gjennom lang tids bruk og skjøtsel. Kystlynghei dekker store areal. Spreidd mellom busetnad finst truleg store, gamle tre som ikkje er registrerte, og ein del restareal med gammal kulturmark, som til dømes hagemark og naturbeitemark. Store delar av områda med kystlynghei er i ulik grad av attgroing, noko som mest sannsynleg gjeld dei andre kulturmarksverdiane og. Kystlynghei er i kategorien EN (sterkt trua) på raudlista for naturtypar, og dei andre skjøtelsavhengige naturtypane svarar til den raudlista vurderingseininga semi-naturleg eng. Semi-naturleg eng er i kategorien VU (sårbar) på raudlista for naturtypar. Det finst og ein del myrområde, både i form av små einingar med jordvassmyr som del av større område med veksling mellom lynghei, myr og nakent berg, og større myrflater med potensial for parti med nedbørsmyr. Nedbørsmyr er i kategorien NT (nær trua) på raudlista for naturtypar. Myr generelt dempar flaum, reinsar vatn, lagrar karbon, er levestad for mange planter og dyr, og gjev trekkfuglar rasteplass. Grunna omfattande og lang tids hevd av landskapet finst det truleg få område med gammal skog. På Huftarøy finst størsteparten av skogsarealet. Her er dominerande

treslag furu, og delar av denne skogen er om lag 80 år. Nokre mindre skogsområde innanfor innspelsområda er vurdert å ha potensial for funn av verdiar knytt til gammal skog.

Av registrert terrestrisk natur i Naturbase (data henta 27.03.22) finst det til saman om lag 123 naturtypelokalitetar etter DN- handbok 13, fordelt på 21 naturtypar. Av disse er tre naturtypar i kategorien utvalde naturtypar: kystlynghei (21 lokalitetar med verdien A eller B), slåttemyr (ein lokalitet) og hole eiker (4 lokalitetar innanfor naturtypen store gamle tre). Tabellen og figuren nedanfor gjev ein oversikt over tal lokalitetar og totalt areal for kvar naturtype.



Figur 4-3. Oversikt og registrerte, terrestriske naturtypar og tal lokalitetar for kvar type.

Kystlynghei er registrert både med flest lokalitetar (27) og størst areal (23931847 m<sup>2</sup>). Kystfuruskog er nest størst i areal (3318215 m<sup>2</sup>), mens naturbeitemark er på andreplass med tanke på tal lokalitetar (25). Rik edellauvskog er representert med 15 lokalitetar og gammal fattig edellauvskog med 7.

Det finst og registreringar av terrestriske naturtypar etter NiN2, etter Miljødirektoratets instruks: 3 lokalitetar med kystlynghei, alle med låg lokalitetskvalitet.

Innanfor kommunen er det i Artskart registrert 4 708 funn av 177 artar innan kategoriane nær trua (NT), sårbar (VU), sterkt trua (EN) og kritisk trua (CR). Dei fleste registreringane består av fugleobservasjonar, totalt 3 431 observasjonar. Vipe (CR) er registrert med 123 observasjonar. Blant sjøfugl er det storskarv (NT), ærfugl (VU) og tjeld (NT) som er registrert med flest observasjonar, høvesvis 344, 289 og 250 observasjonar.

Av marine naturtypar er det skjelsand og større taeskogsførekomstar som er registrert med flest lokalitetar i Naturbase, høvesvis 197 og 76. I tillegg finst registrerte lokalitetar av naturtypane ålegrassamfunn (9), sterke tidevasstraumar (1) og blautbotnsområde i strandsona (3). Gyteområde for fisk blir og vurdert som naturtypar i tråd med DN handbok 19 om naturtypar i sjø.

Område utan registreringar kan ha verdiar som ikkje er fanga opp/kartlagd. I strandsona bør ein vera merksam på areal med eventuelle lokalitetar med strandeng og strandsump som ikkje er registrert. Det finst og truleg ein del myrareal og tresatt areal med verdfull natur som ikkje er kartlagd. Regnskog og hagemark er døme på naturtypar som kan vera underrapporterte. Det finst truleg ein del lokalitetar med regnskog innanfor skogstypen kystfuruskog.

### 4.3. Naturressursar

Naturressursane i kommunen - først og fremst fiskeri, og i seinare tid akvakultur - gjev grunnlag for viktig næring og har djupe tradisjonar i kommunen. På slutten av 1970-talet kom det første akvakulturanlegget i Austevoll i drift. Talet på konsesjonar har sidan auka, og næringa hadde ei stor produksjonsauke på 1980-talet. Ut over sjølve produksjonen på anlegga, har foredling, transport og produksjon av utstyr blitt viktige arbeidsplassar knytt til akvakultur (grind.no). Austevoll er i dag ein av landets største kommunar innan akvakultur.

Det kan oppstå interessekonfliktar mellom fiskeri og akvakultur, først og fremst mellom kystfisket og akvakulturanlegg. Det er kjent fiskeplasser for aktive og passive reiskap i heile kommunen. Det er i tillegg mange gyteområder som dannar grunnlag for fiskerinæringa. Desse ligg i områder med lite vassutskifting, m.a Heimarkspollen og området mellom Lunnøya og Bekkjarviksundet.

Størsteparten av landarealet består av open fastmark (lynghei) og tidlegare open fastmark i attgroing, i veksling med nakent berg og myr. Den opne marka er resultat av lang tids beite med lyngsviing, og framleis vert delar av areala med lynghei heldt i hevd. Der den tidlegare lyngheia er sterkt attgrodd finst det skog, i hovudsak barskog. Huftarøy har

størsteparten av den eldste skogen (rundt 80 år), og denne er dominert av furu. Berre ein liten del av skogen er av særskilt høg bonitet.

Jordbruksareal finst i hovudsak spreidd innimellom område med busetnad. Areal består i hovudsak av innmarksbeite. Fulldyrka jord finst det og ein del av, mens overflatedyrka jord førekjem meir sjeldan.

#### 4.4. Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge


Utøving av friluftsliv er ein aktivitet der folk flest kan vera med, og som gjev store helsemessige gevinstar. Grunnforutsetninga for det norske friluftslivet er allemannsretten som gjev alle rett til å ferdist fritt i utmark, utan å måtta betala for det (stortingsmeld. St. 18 (2015–2016)). Tilrettelegging og sikring av attraktive friluftsområde er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Rikspolitiske retningslinjer er laga for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga, og sikre oppvekstmiljø med tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Derfor skal konsekvensar for barn og unge vurderast i planlegginga. Det er bl.a. viktig at barn skal ha moglegheit til leik i sitt eige nærmiljø. I ubygde område vil ein oftast finne vill og urørt natur, og i strandsona vil der vera område med svaberg, skjermaviker og nes som har ein bruksverdi for friluftslivet. I ein kommune som Austevoll er det å sikre tilgang til areal frå sjøen minst like aktuell som tilgang til fots.

Det er fleire statleg sikra friluftsområde i Austevoll. Desse er lokalisert heilt sør og heilt nord i kommunen. I sør er det to område: Kalsundholmen og Sandvågen-Blænesøya. Ved Kalsundholmen er det og omsynssone for friluftsliv i gjeldande kommuneplan. I nord er det mange statleg sikra friluftsområde: frå Martsteinen i vest til Sandtorv i aust. Ved tre av dei; Skår, Krossøy og Sandtorv, er det lagt omsynssone for friluftsliv i kommuneplanen.

I prosjektet Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Austevoll kommune (Bergen og omland friluftsråd 2018) er det registrert mange område i kommunen. Dei største verdiane som også er store i areal er [Saltskjærholmane-Ternholmen](#), aust for Storebø og [Loddo](#) noko lenger sør. Området rundt Saltskjærholmane og Ternholmen er populært for varierte sjøaktivitetar. Det er lett tilkomst med småbåt, og her er mange grunne og fine badeviker. Loddo er eit turområde der ein finn det høgaste fjellet i kommunen. Her er fleire ulike merka stinett. Det er elles ei rekke andre friluftsområde som er kartlagt som svært viktige i heile kommunen.

Gjeldande kommuneplan har 7 omsynssone for friluftsliv. Fire av dei gjeld statleg sikra friluftsområde, omtalt over. Dei resterande er Litla Leirvika ved Bekkjarvik, Austevollshella og Nordre Navvågen i sjø, som grensar til statleg sikra friluftsområde. Gjeldande kommuneplan har òg mange større sjøområde avsett til føremål friluftsområde, mellom anna Drønspollen, Heimarkpollen, Haukelandspollen, Ytrepollen, sjøareal rundt Little Lunnøya, Horgo, Lambøya - Saltkjerholmane og fleire friområde på land.

I og rundt Storebø og Bekkjarvik er det fleire område som er avsett til idrett og lek. Dette finn ein og i Torangsvåg, Bakkasund, Møkster, Hevrøy, Stolmen og Kolbeinsvik.



Figur 4-4. Kartutsnitt ved Storebø som viser avsatt areal til friluftsmål i gjeldande kommuneplan

## 4.5. Ureining, utslepp og vassmiljø


### 4.5.1. Miljømål og miljøtilstand

Austevoll ligg i vassområdet Vest som omfattar kommunane Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden (tidl. Fusa og Os), Samnanger og Øygarden (tidl. Fjell, Sund og Øygarden). Regional vassforvaltningsplan for Vestland vassregion er under revisjon for planperioden 2022-2027. Planen var på høyring våren 2021 og skal opp i Fylkestinget i mars 2022, før godkjenning av KLD.

Regional vassforvaltningsplan bygger på vassdirektivet i EU som er implementert i vassforskrifta. Planen sett miljømål for alt vatn, både i elvar, innsjøar, kystvatn og grunnvatn. For Austevoll kommune, sett planen (høyringsutkast) følgjande miljømål:

- Alle vassførekomstar har mål om å oppnå minst god økologisk tilstand. Frist for å nå målet er 2027, med unntak av to vassførekomstar som har fått usett frist til neste planperiode (2033)

- Alle vassførekomstar har mål om å oppnå god kjemisk tilstand. Frist for å nå målet er 2027, med unntak av ein vassførekomst som har fått usett frist til neste planperiode (2033)



Figur 4-5: Klassifisering av vassførekomstars økologiske tilstand, henta frå Vann-Nett den 31.03.2022.

Per 31.03.2022 er det registrert fem vassførekomstar som ikkje har nådd økologisk miljømål (sjå Figur 4-5), og fire vassførekomstar som ikkje har nådd kjemisk miljømål.

Dei viktigaste årsakene til at miljøtilstanden ikkje er god nok i fleire av kommunens vassførekomstar er, i følgje Vann-Nett.no:

- Utslepp av kommunalt avløpsvatn
- Utslepp/avrenning frå deponi
- Sur nedbør
- Utslepp frå fiskeoppdrett og lakseslakteri
- Framande artar (regnbogeaure i Kvernavatnet)

Kvernavatnet (Storebø) er klassifisert med dårleg økologisk tilstand. Undersøkingar frå 2018 viser blant anna høge konsentrasjonar av nærings salt og dårleg tilstand for botnfauna. På Vann-Nett er det registrert påverknad frå skogbruk, utslepp av kommunalt avløpsvatn og den introduserte arten regnbogeaure. Tidlegare akvakulturverksemd i området er avvikla.

Kystvassførekomsten Storebø er klassifisert med dårleg økologisk tilstand. Grunnlaget for dette er undersøkingar av botnfauna i 2014, men kunnskapsgrunnlaget er tynt. Diffus avrenning frå byar/tettstader og fiskeoppdrett er dei viktigaste, registrerte påverknadene.

Sjølvs kunnskapen om dette sjøområdet synes sparsamt, har vi i denne konsekvensutredninga vurdert ny aktivitet som kan gi auka utslepp vassførekomsten strengt.


#### 4.5.2. Akvakultur

Trafikklyssystemet for kapasitetsjusteringar i oppdrettsnæringa, trådde i kraft 15. oktober 2017. Systemet deler landet inn i 13 produksjonsområde, der påverknad som lakselus har for villaksen er det som avgjer om det er rom for auka produksjonsvolum i området. Austevoll ligg innafor produksjonssone 3 - Karmøy til Sotra, som har gul farge (vurdering frå 2021). Dette tyder at det ikkje vil bli store endringar i produksjonen. I gul kategori er det antatt at 10-30 % av laksesmoltene kan døye som følge av lakselus (Havforskningsinstituttet.no).

## 5. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

### 5.1. Struktur

Det er i denne konsekvensutgreiinga og ROS-analysen vurdert 326 innspelsområde som gjeld forslag om arealendring av Austevoll sin kommuneplan.



Figur 5-1. Kartet viser alle endringane som er gjort i kommuneplankartet. Endringar med blå omringing er omfatta av konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Kommunen har 12 grunnkrinsar, som også strukturerer denne rapporten:

| Nr   | Namn grunnkris               | Folketal 2022 <sup>4</sup> | Tal på endringsforslag |
|------|------------------------------|----------------------------|------------------------|
| 0101 | Storekalsøy - Horgo          | 213                        | 22                     |
| 0102 | Møkster                      | 38                         | 12                     |
| 0103 | Litlekalsøy                  | 11                         | 6                      |
| 0104 | Stolmen - Hevrøy             | 177                        | 26                     |
| 0105 | Nordre Selbjørn - Lunnøy     | 484                        | 33                     |
| 0106 | Søre Selbjørn                | 605                        | 20                     |
| 0201 | Vinnes                       | 446                        | 42                     |
| 0202 | Kolbeinsvik - Drøna - Rostøy | 473                        | 42                     |
| 0203 | Haukanes - Bratten           | 232                        | 28                     |
| 0204 | Storebø-området              | 1909                       | 42                     |
| 0205 | Hundvåkøy                    | 689                        | 46                     |
| 0206 | Sandtorv                     | 0                          | 7                      |
| 9999 | Uoppgjeven grunnkrins        | 6                          | -                      |

Gjennomgangen av endringsforslaga er gjort krinsvis. Kvart endringsforslag har fått eit unikt nummer som startar med krinsnummer, og deretter eit løpenummer. Presentasjonen av endringane følgjer dermed ein geografi som startar i krins 0101 i nordvest, og vert avslutta med krins 0205 i nordaust. Kvar krins er presentert med kort tekst, og ein gjennomgang av kva type endringsforslag som er vurdert, og overordna kva moglege konflikhtar og konsekvensar dei inneber. Omtalen krinsvis er basert på ei unik vurdering for kvart endringsforslag. Desse er presenterte i tabellar som ligg sist i rapporten som eit vedlegg.

Det vert gjort merksam på at endringsforslaga er her i rapporten teikna opp som polygon over flyfoto. Avgrensingane er ikkje nøyaktige, og kan ha noko avvik med den faktiske avgrensinga i plankartet. Konsekvensutgreiinga er eit verktøy i utarbeiding av plankartet. Det kan difor skje at endringsforslag som er omtalt i dette dokumentet ikkje er tatt inn i planen likevel, fordi konsekvensane viste seg for store. Lesaren må difor nytte plankart og føresegner som viktige dokument i lesing av denne rapporten.


Totalt sett er alle dei 326 endringsforslaga vurdert opp mot 10 fagtema. Det gjer at denne rapporten baserer seg på 3260 unike fagvurderingar.

---

<sup>4</sup> [ssb.no/befolkning](https://ssb.no/befolkning)

## 5.2. Krins 0101 Storakalsøy - Horgo

Storakalsøy - Horgo ligg nordvest i kommunen og hadde 213 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Bakkasund / Storakalsøy er i arealstrategien kategorisert som eit nærsenter. Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 302 i 2040.



I kommuneplankartet er det gjort 22 endringar som inngår i konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalysen. Ut frå ei enkel vurdering basert på flyfoto kan det sjå ut til at om lag 10 av endringsforslaga gjeld tiltak og aktivitet som heilt eller delvis er etablert. Nokre av dei kan vera utviding av eksisterande arealføremål.

| <b>Arealføremål</b>                                    | <b>Tal</b> |
|--|------------|
| Andre typar bygg og anlegg (naust og småbåtanlegg)     | 8          |
| Bustad   | 3          |
| Fiske  | 2          |
| Hamn   | 2          |
| LNFR spreitt bustad eller fritidsbustad                | 4          |
| Næring, og næring+hamn                                 | 2          |
| Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - parkering | 1          |
| <b>Totalt</b>  | <b>22</b>  |

Endring til bustad gjeld areal som i dag i stor grad er LNFR spreitt bustad i gjeldande kommuneplan. Forslag om LNFR spreitt bustad er dels mindre justeringar av gjeldande LNFR spreitt, men eit større areal er i dagens kommuneplan avsett til LNFR.

Av dei 22 endringsforslaga er det 3 som ikkje er tilrådd ut frå konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen. Desse er vist i tabell under. Det er 9 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderate. For dei 11 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.


| <b>Nytt føremål</b>                       | <b>UnikID</b> | <b>Vurdering</b>  |
|---|---------------|---|
| LNFR spreitt bustad                       | 0101_030      | Innspelet vert frårådd grunna stort konfliktpotensial for natur og biologisk mangfald og ligg i funksjonell strandsone. Låg måloppnåing av arealstrategien, då endringsforslaget ligg litt utanfor definert senterområde. Krev og nærare vurderingar for alle ROS-tema.   |
| Hamn                                      | 0101_038      | Interessekonflikt mellom hamn og låssettingsplass. Stort konfliktpotensial for naturressursar og fare for auka ureining og utslepp i sjø. Det må visast omsyn til stormflo/springflo og havnivåstiging ved etablering av tiltak. Skogbrann i området er mogleg og bør ivaretakast ved planlegging av tiltak.  |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0101_044      | Har ein del negativt konfliktpotensial for ei rekke tema, mellom anna landskap, friluftsliv og ureining. Ligg inn mot funksjonell strandsone. Området kan vera vind- og bølgeutsett og utsett for stormflo og springflo. Endringa vil opne opp for eit anlegg i elles urørt område, og vert ut frå dette frårådd. Om det skal med i KPA bør det vesentleg innskrenkast i areal. |

| Nytt formål                                  | UnikID   | Landskap og kulturarv | Natur og biologisk mangfald | Naturressursar | Friluftsliv nærmiljø folke- barn og unge | Teknisk infra- struktur | Areal- strategi | Ureining og utslepp | Samla vurdering | Heilt eller delvis utbygd i dag | Funk. strandområde | Potensial arkeologi | Areal avrunda opp til hundredel |
|--|----------|-----------------------|-----------------------------|----------------|--|-------------------------|-----------------|---------------------|-----------------|---------------------------------|--------------------|---------------------|---------------------------------|
| Næring og hamn                               | 0101_012 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 | X                  |                     | 200                             |
| LNFR spreitt bustad                          | 0101_030 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 | X                  | X                   | 59 500                          |
| LNFR spreitt fritidsbustad                   | 0101_033 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 8 300                           |
| LNFR spreitt bustad                          | 0101_034 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 14 100                          |
| Fiske  | 0101_035 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 3 200                           |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg    | 0101_037 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 2 400                           |
| Hamn   | 0101_038 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 8 600                           |
| Fiske  | 0101_039 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 800                             |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg    | 0101_040 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 300                             |
| Bustad                                       | 0101_041 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 13 500                          |
| Andre typar bygg og anlegg - naust           | 0101_042 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 | X                  |                     | 500                             |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg    | 0101_043 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 1 100                           |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg    | 0101_044 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 700                             |
| Andre typar bygg og anlegg - naust           | 0101_045 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 300                             |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg    | 0101_046 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 2 000                           |
| Bustad                                       | 0101_047 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               | X                  |                     | 123 800                         |
| Hamn   | 0101_049 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 1 100                           |
| Næring                                       | 0101_050 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 2 000                           |
| Bustad                                       | 0101_074 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                    |                     | 9 200                           |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg    | 0101_075 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 1 200                           |
| Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - | 0101_076 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                    |                     | 400                             |
| LNFR spreitt bustad                          | 0101_077 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               | X                  |                     | 3 200                           |

### 5.3. Krins 0102 Møkster

Møkster er ei øy vest i kommunen. Her var det 38 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022.

Naustvågen er i arealstrategien lagt i kategori «Robuste bygder». Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 21 i 2040.



I kommuneplankartet er det gjort 12 endringar som inngår i konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalysen. Ut frå ei enkel vurdering basert på flyfoto kan det sjå ut til at om lag 5 av endringsforslaga gjeld tiltak og aktivitet som heilt eller delvis er etablert. Nokre av dei kan vera utviding av eksisterande arealføremål.

| <b>Arealføremål</b>                       | <b>Tal</b> |
|---|------------|
| Akvakultur                                | 4          |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 1          |
| Fritid og turisme                         | 2          |
| Grav og urnelund                          | 1          |
| Hamn                                      | 1          |
| LNFR spreitt bustad                       | 2          |
| Næring og bustad                          | 1          |
| <b>Totalsum</b>                           | <b>12</b>  |

Endring til akvakultur gjeld areal som i dag er avsett til fiske eller bruk og vern av sjø og vassdrag i gjeldande kommuneplan. Arealendringar på land ligg i all hovudsak i areal som i dagens kommuneplan er avsett til LNFR og LNFR spreitt bustad.

Av dei 12 endringsforslaga er det 7 som ikkje er tilrådd ut frå konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen. Desse er vist i tabell under. Det er 2 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 3 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.


| <b>Nytt føremål</b>                       | <b>UnikID</b> | <b>Vurdering</b>   |
|---|---------------|--|
| Akvakultur                                | 0102_001      | Innspelet vert frårådd, og bør innskrenkast i areal. Stort konfliktpotensial for landskap og natur og biologisk mangfald. Har elles negativ påverknad for ei rekke andre tema, mellom anna naturressursar og ureining og utslepp. Området kan vera vind- og bølgeutsett, og utsett for stormflo/springflo. Tiltak må ta omsyn til vindtilhøve og framtidig hav- og bølgenivå.                        |
| Akvakultur                                | 0102_008      | Endringsforslaget vert frårådd. Stort konfliktpotensial for landskap, natur og biologisk mangfald (tareskog, skjelsand, hekkeområde). Elles noko negativt konfliktpotensial for landskap og naturressursar. Elles er området vind- og bølgeutsett, og utsett for stormflo og springflo.  |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0102_014      | Stort konfliktpotensial for landskap og kulturarv og natur og biologisk mangfald. Elles noko negativt konfliktpotensial for dei fleste andre tema. Området bør innskrenkast for å komma i "gul kategori", og omsynssoona må ha føringar for utforming. Det er behov for vidare ROS-vurderingar.  |
| Næring og bustad                          | 0102_015      | Endringsforslaget vert frårådd i den storleiken det no har. Her er stort konfliktpotensial for landskap og kulturarv, natur og biologisk mangfald, naturressursar og friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge. Ligg innafor senterområdet, og er dermed i tråd med arealstrategien. Endringsforslaget bør innskrenkast for å redusera konfliktnivået. Områdestabilitet må vurderast nærare. |
| Akvakultur                                | 0102_018      | Er ei justering av eksisterande anlegg. Stort konfliktpotensial for landskap og kulturarv, naturressursar og ureining og utslepp. Har elles noko negativt konfliktpotensial for natur og biologisk mangfald. Endringsforslaget bør innskrenkast og tilpassast verdiane. I vidare planlegging må ein vurderast ekstremvêr og havnivå.   |

| Nytt føremål      | UnikID   | Vurdering   |
|-------------------|----------|---|
| Fritid og turisme | 0102_019 | Austre del av endringsforslaget har stort konfliktpotensial for landskap, natur mangfald og ligg i funksjonell strandsone. Denne delen bør utgå. Det må visast omsyn til stormflo/springflo og havnivåstiging ved etablering av tiltak i strandsona. Skogbrann i området er mogleg og bør ivaretakast ved planlegging av tiltak.    |
| Grav og urnelund  | 0102_026 | Endringsforslaget vert frårådd, men kan tilråddast dersom ein tilpassar seg viktige verdiar i området. Stort konfliktpotensial med rik edellauvskog, og endringsforslaget bør innskrenkast for å tilpassa seg denne. Noko konfliktpotensial for naturressursar (fulldyrka jord og naturbeitemark) og ligg i funksjonell strandsone. |

| Nytt formål                               | UnikID   | Landskap og kulturarv | Natur og biologisk mangfald | Naturressursar | Friluftsliv nærmiljø folkehelse barn og unge | Teknisk infrastruktur | Arealstrategi | Ureining og utslepp | Samla vurdering | Heilt eller delvis utbygd i dag | Funk. strandsone | Potensial arkeologi | Areal avrunda opp til hundredel |
|---|----------|-----------------------|-----------------------------|----------------|--|-----------------------|---------------|---------------------|-----------------|---------------------------------|------------------|---------------------|---------------------------------|
| Akvakultur                                | 0102_001 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 |                  |                     | 2 914 500                       |
| LNFR spreitt bustad                       | 0102_003 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             | X                               | X                |                     | 500                             |
| Akvakultur                                | 0102_008 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 |                  |                     | 490 000                         |
| Akvakultur                                | 0102_009 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 |                  |                     | 654 700                         |
| Friområde                                 | 0102_012 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 | X                |                     | 900                             |
| Fritid og turisme                         | 0102_013 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             | X                               | X                |                     | 100                             |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0102_014 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 |                  |                     | 25 500                          |
| Næring og bustad                          | 0102_015 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 | X                | X                   | 18 900                          |
| Akvakultur                                | 0102_018 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             | X                               | X                |                     | 596 900                         |
| Fritid og turisme                         | 0102_019 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             | X                               | X                |                     | 2 800                           |
| Hamn                                      | 0102_021 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             |                                 |                  |                     | 23 600                          |
| Grav og urnelund                          | 0102_026 | Red                   | Red                         | Red            | Red  | Red                   | Red           | Red                 | Red             | X                               | X                |                     | 6 300                           |

## 5.4. Krins 0103 Litlakalsøy

Litlakalsøy ligg sør for Møkster og er ei mindre øy vest i kommunen. Her var det 11 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022.



Det er gjort 6 endringar som inngår i konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalysen. Ut frå ei enkel vurdering basert på flyfoto kan det sjå ut til at om lag 4 av endringsforslaga gjeld tiltak og aktivitet som heilt eller delvis er etablert. Nokre av dei kan vera utviding av eksisterande arealføremål.

### **Arealføremål**

Andre typar bygningar og anlegg – småbåtanlegg og naust m/molo

**Tal**

3

Akvakultur

1

Bustad / Fritidsbustad / Næring

1

Fritid og turisme

1

**Totalsum**

**6**

Endring til akvakultur skjer i areal som i gjeldande kommuneplan i hovudsak er avsett til fiske, og noko bruk og vern av sjø og vassdrag, og akvakultur. Område som er foreslått omdisponert til småbåtanlegg er i dag avsett til hamn og akvakultur. Arealendringar på land er i dag avsett til LNFR og naust.

Av dei 6 endringsforslaga er det 3 som ikkje er tilrådd ut frå konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen. Desse er vist i tabell under. Det er eitt endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei to siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikhtar.

| Nytt føremål                              | UnikID   | Vurdering  |
|---|----------|--|
| Bustad                                    | 0103_003 | Stort konfliktpotensial for natur og biologisk mangfald og ligg i funksjonell strandsone. Dersom bustad: ligg utanfor sentrumsavgrensingar. ROS-tema er i hovudsak avklart. Endringa vert frårådd på grunn av konflikt med naturtype og strandsone     |
| Akvakultur                                | 0103_004 | Endringsforslaget vert frårådd, men kan med fordel justerast. Konflikt med naturreservat. Det er elles noko negativt konfliktpotensial for landskap, naturressursar og forureining. Tiltak må ta omsyn til vindtilhøve og framtidig hav- og bølgenivå. |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0103_008 | Har ein del negativt konfliktpotensial for mange tema, og blir samla sett ikkje tilrådd. Endringsforslaget bør innskrenkast i areal, og samle seg ved anlegget som allereie er etablert. Småbåtanlegg bør vurderast samla.                             |

| Nytt formål                                | UnikID   | Landskap og kulturarv | Natur og biologisk mangfald | Naturressursar | Friluftsliv nærmiljø folke- helse barn og unge | Teknisk infra- struktur | Areal- strategi | Ureining og utslepp | Samla vurdering | Heilt eller delvis utbygd i dag | Funk. strandsone | Potensial arkeologi | Areal avrunda opp til hundredel |
|--|----------|-----------------------|-----------------------------|----------------|--|-------------------------|-----------------|---------------------|-----------------|---------------------------------|------------------|---------------------|---------------------------------|
| Andre typar bygg og anlegg - naust og molo | 0103_001 | Yellow                | Green                       | Green          | Green  | Green                   | Green           | Green               | Green           | X                               | X                |                     | 1 700                           |
| Fritid og turisme                          | 0103_002 | Yellow                | Green                       | Green          | Red  | Green                   | Green           | Green               | Yellow          | X                               | X                |                     | 100                             |
| Bustad                                     | 0103_003 | Yellow                | Red                         | Green          | Red  | Yellow                  | Green           | Yellow              | Red             |                                 | X                |                     | 1 200                           |
| Akvakultur                                 | 0103_004 | Red                   | Red                         | Yellow         | Green  | Green                   | Yellow          | Green               | Red             |                                 | X                |                     | 3 883 100                       |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg  | 0103_005 | Yellow                | Green                       | Green          | Green  | Green                   | Green           | Green               | Yellow          | X                               |                  |                     | 12 500                          |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg  | 0103_008 | Yellow                | Green                       | Green          | Yellow   | Yellow                  | Yellow          | Green               | Red             | X                               | X                |                     | 2 600                           |

## 5.5. Krins 0104 Stolmen - Hevrøy

Stolmen og Hevrøy ligg sørvest i kommunen. Her var det 177 innbyggjarar ved årsskiftet til 2022. Våge / Stolmen ved Stolmasundet er i arealstrategien lagt i kategori «Robuste bygder». Arealstrategien legg til grunn at folketalet vil vera 134 i 2040.



Det er gjort 26 endringar som inngår i konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalysen. Ut frå ei enkel vurdering basert på flyfoto kan det sjå ut til at om lag 16 av endringsforslaga gjeld tiltak og aktivitet som heilt eller delvis er etablert. Nokre av dei kan vera utviding av eksisterande arealføremål.

| <b>Arealføremål</b>                               | <b>Tal</b> |
|---|------------|
| Andre typar bygningar og anlegg - havvind         | 2          |
| Akvakultur  | 1          |
| Andre typar bygg og anlegg - naust / småbåtanlegg | 8          |
| Bustad  | 5          |
| Fritidsbustad                                     | 2          |
| Grav og urnelund                                  | 1          |
| LNFR spreitt bustad / fritidsbustad               | 5          |
| Næring  | 1          |
| Sentrumsføremål                                   | 1          |
| <b>Totalsum</b>                                   | <b>26</b>  |

Endring til akvakultur skjer i areal som i gjeldande kommuneplan i hovudsak er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag, samt farlei. Forslag om småbåtanlegg og naust er i dag avsett til fleire ulike føremål på land og i sjø; LNFR, naust, hamn, fiske og akvakultur. Endringsforslag til sentrum, bustad og fritidsbustad gjeld areal som i dag er avsett til LNFR og LNFR bustad. Forslaga om LNFR spreitt omhandlar areal som i hovudsak er avsett til LNFR.

Av dei 28 endringsforslaga er det 10 som ikkje er tilrådd ut frå konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen. Desse er vist i tabell under. Det er 6 endringsforslag som kjem i gul kategori, dvs. konfliktpotensialet er meir moderat. For dei 10 siste endringsforslaga er det på dette plannivået ikkje kjent store eller vesentlege konflikantar.

| <b>Nytt føremål</b>        | <b>UnikID</b> | <b>Vurdering</b>  |
|----------------------------|---------------|---|
| LNFR spreitt bustad        | 0104_004      | Endringsforslaget vert frårådd. Det har stort konfliktpotensial for landskap og kulturarv, natur og ligg i funksjonell strandsone. Låg måloppnåing av arealstrategien, då endringsforslaget ligg litt utanfor definert senterområde.  |
| LNFR spreitt bustad        | 0104_005      | Har noko negativt konfliktpotensial for landskap og kulturarv, og stort for natur og biologisk mangfald. Ligg like utanfor senterområde og er dermed ikkje i tråd med arealstrategien. Krev nærare vurderingar når det gjeld ekstremvær og havnivå, samt områdestabilitet.  |
| LNFR spreitt bustad        | 0104_006      | Innspelet vert frårådd grunna stort konfliktpotensial for natur og biologisk mangfald og ligg i funksjonell strandsone. Ligg like utanfor senterområde og er dermed ikkje i tråd med arealstrategien. Krev nærare vurderingar når det gjeld flaum og områdestabilitet.  |
| LNFR spreitt fritidsbustad | 0104_015      | Stort konfliktpotensial knytt til landskap og kulturarv (strandsone), friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge (funksjonell strandsone og ein idrettsplass) og natur og biologisk mangfald (kulturmark, Møkstrafeltet). Noko negativt konfliktpotensial for naturressursar. Endringsforslaget kan vurderast dersom det vert betre tilpassa funksjonell strandsone og verdjar i området. Ved nye tiltak må det gjerast nærare vurderingar av stormflo-springflo, havnivå og områdestabilitet. |


| Nytt føremål                              | UnikID   | Vurdering  |
|---|----------|--|
| Andre typar bygg og anlegg - naust        | 0104_016 | Stort konfliktpotensial for mange tema. Endringsforslaget bør innskrenkast slik at område i vest og sør utgår, og ein unngår mellom anna Hevrøy, Buholmen, Kvalvåg og Stallaren, som har rekefelt, tareførekomstar, og høge landskapsverdiar. ROS-tema knytt til ekstremvær må vurderast nærare.   |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0104_018 | Stort konfliktpotensial for landskap og kulturarv og endringsforslaget bør innskrenkast. Noko negativt konfliktpotensial for fleire andre tema. Bør undersøkast for marint naturmangfald. ROS-tema bør vurderast nærare. Småbåtanlegg bør vurderast samla.   |
| Akvakultur                                | 0104_020 | Endringsforslaget vert frårådd, i hovudsak fordi det opnar opp for nedbygging av urørte område med potensielle verdiar. Stort konfliktpotensial natur og biologisk mangfald, mellom anna. registrert fugl med nasjonal forvaltningsmessig interesse. Ligg like utanfor senterområde og er dermed ikkje i tråd med arealstrategien. Naturfare og støy må vurderast nærare. Endringsforslaget bør innskrenkast til å gjelda eksisterande bustader. |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0104_022 | Endringsforslaget vert frårådd. Stort konfliktpotensial for landskap, og natur og biologisk mangfald. Dette er eit storskala landskap med stor verdi. Her er store tareskogførekomstar og hekkeområde for raudlista sjøfugl. Noko negativt konfliktpotensial for naturressursar (fiskeri) og ureining og utslepp. Eventuelt tiltak må gjera ei grundigare vurdering av alle ROS-tema   |
| Bustad                                    | 0104_042 | Endringsforslaget vert frårådd. Stort konfliktpotensial natur og biologisk mangfald, mellom anna. registrert fugl med nasjonal forvaltningsmessig interesse. Ligg like utanfor senterområde og er dermed ikkje i tråd med arealstrategien. Naturfare og støy må vurderast nærare. Endringsforslaget bør innskrenkast til å gjelda eksisterande bustader.   |
| Havvind                                   | 0104_056 | Endringsforslaget vert frårådd. Stort konfliktpotensial for landskap, og natur og biologisk mangfald. Dette er eit storskala landskap med stor verdi. Her er store tareskogførekomstar og hekkeområde for raudlista sjøfugl. Noko negativt konfliktpotensial for naturressursar (fiskeri) og ureining og utslepp. Eventuelt tiltak må gjera ei grundigare vurdering av alle ROS-tema   |

I denne krinsen er det foreslått eit areal til havvind som ut frå vurderingane så langt ikkje vert frårådd. Dette er innspel 0104\_055 sør for Fugløya og vest for Stolmen. Området har eit stort konfliktpotensial for landskap, og gjennomgangen av tema viser at her er fleire moglege negative konsekvensar for viktig natur - mellom anna. tareområde og ærfugl.

| Nytt formål                               | UnikID   | Landskap og kulturarv | Natur og biologisk mangfald | Naturressursar | Friluftsliv nærmiljø folke- barn og unge | Teknisk infra- struktur | Areal- strategi | Ureining og utslepp | Samla vurdering | Heilt eller delvis utbygd i dag | Funk. strandsone | Potensial arkeologi | Areal avrunda opp til hundredel |
|---|----------|-----------------------|-----------------------------|----------------|--|-------------------------|-----------------|---------------------|-----------------|---------------------------------|------------------|---------------------|---------------------------------|
| LNFR spreitt bustad                       | 0104_004 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                  |                     | 18 800                          |
| LNFR spreitt bustad                       | 0104_005 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                  | X                   | 17 000                          |
| LNFR spreitt bustad                       | 0104_006 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               | X                |                     | 38 200                          |
| Andre typar bygg og anlegg - naust        | 0104_012 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                  |                     | 2 300                           |
| LNFR spreitt fritidsbustad                | 0104_014 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               | X                |                     | 1 400                           |
| LNFR spreitt fritidsbustad                | 0104_015 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               | X                |                     | 16 200                          |
| Andre typar bygg og anlegg - naust        | 0104_016 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               |                  |                     | 200                             |
| Andre typar bygg og anlegg - naust        | 0104_017 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 | X                               | X                |                     | 100                             |
| Andre typar bygg og anlegg - småbåtanlegg | 0104_018 |                       |                             |                |  |                         |                 |                     |                 |                                 |                  |                     | 12 200                          |
Sett ut i frå kor stort areal som blir påverka negativt, er dei største konsekvensane knytt til innspelsområde for etablering av havvind, og etablering og utvikling av akvakulturanlegg. For disse sist nemnde føremåla er konfliktpotensialet knytt til tareskogførekomstar, skjelsandområde og beiteområde for raudlista sjøfugl i hekketida vurdert som stort. Område for akvakulturanlegg råkar òg store areal, og overlappar ofte med marine

verneområde og naturtypar. For områda i strandsona er det flest endringsforslag knytt til føremål andre typar bygg og anlegg. Konfliktpotensialet knytt til endringar i strandsona er i hovudsak vurdert til moderat, og det vert ofte vurdert at området bør undersøkast nærare med tanke på strandenger på land og ålegrasenger, skjelsand og tareskog i sjø.

| Natur og biologisk mangfald | Konfliktpotensial  |  |  |
|-----------------------------|--|--|--|
|                             | Tal på endringar   | 95   | 172  |
| Kommentar                   | Knytt til dei fleste typar føremål, i hovudsak der området er bygd ut. Av desse i grøn kategori er 25 lite utbygd i dag. | Størstedelen er knytt til andre typar bygg og anlegg, potensielt i konflikt med strandenger og marint naturmangfald i strandsona. Av desse er 59 lite utbygd i dag | I stor grad knytt til føremål busetnad, potensielt i konflikt med gammal kulturmark og myr. Av desse er 38 lite utbygd i dag |



Figur 6-2. Vurdering av konfliktpotensial for tema natur og biologisk mangfald.

Vipe hekkar på næringsrike strandenger og i jordbrukslandskapet, og der observasjonar av vipe er registrert innanfor eller i nærleiken av eit innspelsområde er det tilrådd nærare

undersøkingar. For vipe og andre artar (inkludert sjøfugl) som er sårbare for forstyrringar i hekkeperioda er det viktig å ta omsyn under anleggsarbeidet.

Tabellen under viser 38 endringsforslag i areal som i dag er lite utbygd, og der konfliktpotensial er vurdert som stort. Det er i tillegg stort konfliktpotensial for tema i 21 andre forslag der areal er meir utbygd i dag.

| Nytt formål                | UnikID   | Vurdering  |
|----------------------------|----------|--|
| LNFR spreitt bustad        | 0101_030 | Området består i hovudsak av kystlynghei i attgroing. Kystlynghei er i kategorien sterkt trua (EN) på raudlista for naturtypar, Det finst og noko fulldyrka jord og innmarksbeite. Konfliktnivået vert vurdert som høgt.                                   |
| Akvakultur                 | 0102_001 | Konfliktpotensial med større tareskogførekomstar vurdert som svært viktig og viktige førekomstar av skjelsand hekkeområde og beiteområde for raudlista sjøfugl. Området bør innskrenkast.  |
| Akvakultur                 | 0102_008 | Sterk konflikt med større tareskogførekomstar vurdert som svært viktig og viktige førekomstar av skjelsand hekkeområde for raudlista sjøfugl på fleire av holmane i området.   |
| Småbåtanlegg               | 0102_014 | I sørvest grensar området til ein registrert lokalitet med kystlynghei. Området ligg innanfor ein marin naturtypelokalitet (Skjellsand, BM00034263).   |
| Næring og bustad           | 0102_015 | Området omfattar heile arealet til ein registrert lokalitet med naturbeitemark (BN00049470), og ligg innanfor Møksterfeltet.   |
| Bustad                     | 0103_003 | Delar av området ligg innanfor ein lokalitet av naturtypen rikt strandberg (BN00049602). Området ligg og i eit landskap med kystlynghei i attgroing.   |
| Akvakultur                 | 0103_004 | Møkstra-Grøningane naturreservat og viktige førekomstar av skjelsand innanføre området.  |
| LNFR spreitt bustad        | 0104_004 | Den nordre delen av området ligg innanfor eit stort område registrert som ein lokalitet av naturtypen kystlynghei. Lokaliteten ser ut til å vere i hevd. Konfliktpotensialet vert vurdert som stort.   |
| LNFR spreitt bustad        | 0104_005 | Området ligg innanfor eit myrområde og ein registrert lokalitet med naturbeitemark. Konfliktpotensialet vert vurdert som høgt.   |
| LNFR spreitt bustad        | 0104_006 | Den søndre delen av området ligg innanfor ein registrert lokalitet med naturbeitemark, og den nordre delen består av lynghei i attgroing. Konfliktpotensialet vert vurdert som stort.  |
| LNFR spreitt fritidsbustad | 0104_015 | Området ligg i eit landskap med restar etter gammal kulturmark. Ligg innanfor Møksterfeltet, som inneheld kambrosiluriske suprakrustaler og kaledonske eruptiver. Området bør undersøkast nærare.  |
| Naust                      | 0104_016 | Området består av naturbeitemark. Ligg innanfor Møksterfeltet, som inneheld kambrosiluriske suprakrustaler og kaledonske eruptiver. Området bør undersøkast nærare.  |
| Fritidsbustad              | 0104_051 | Området ligg i eit landskap med restar etter gammal kulturmark. Ligg innanfor Møksterfeltet, som inneheld kambrosiluriske suprakrustaler og kaledonske eruptiver. Området bør undersøkast nærare.  |
| Havvind                    | 0104_056 | Stort konfliktpotensial med fleire hekkeområde for raudlista sjøfugl i nærleiken kan gi direktekonflikt med vindkraft. Strukturane på botn vil kunne fungera som kunstige rev og er ikkje vurdert særskilt konfliktfulle. Moglege konfliktar med korallar. |
| Fritidsbustad              | 0106_004 | Området består av kystlynghei i attgroing, myr og ligg innanfor ein registrert lokalitet med naturbeitemark. Konfliktpotensialet vert vurdert som stort.   |
| Bustad                     | 0106_026 | Området består av myr (og tjern) og kystlynghei i attgroing. Endringa kan føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet.  |
| Fritidsbustad              | 0201_001 | Området består av myr og kystlynghei i attgroing. Konfliktpotensialet vert vurdert som stort, og området bør undersøkast nærare.   |
| Næring                     | 0201_020 | Ligg i område med kystlynghei i attgroing og ein del myr.  |

|   |          |  |
|---|----------|--|
| Bustad                                  | 0201_021 | Ligger innanfor eit stort myrområde.   |
| Næring                                  | 0201_080 | Området inkluderer deler av et stort myrsystem.  |
| Bustad                                  | 0202_003 | Ligg i eit stort område med myr og kystlynghei i attgroing.  |
| LNFR spreitt bustad                     | 0202_041 | Består mellom anna truleg av kystlynghei i attgroing og/eller naturbeitemark som bør undersøkast.  |
| Småbåtanlegg                            | 0202_064 | Grensar til ein registrert lokalitet med ålegraseng (BM00072803). I tillegg bør området undersøkast for strandenger.   |
| Omsynssone ferjekai, uendra arealformål | 0203_071 | Området består av myr og skog der det kan førekomme gammalskogselement (store tre, ståande og liggande daud ved) og regnskogsartar. Konfliktpotensialet vert vurdert som stort, og området bør undersøkast nærare. Strandsona bør og undersøkast nærare.         |
| Bustad                                  | 0204_008 | Består av myr og lynghei i attgroing.  |
| Bustad                                  | 0204_053 | Området består av myr, og kystlynghei i attgroing. Endringa kan føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet.  |
| Bustad                                  | 0204_126 | Området består av myr, og kystlynghei i attgroing. Området ligg og innanfor eit område der det er registrert fuglearter av nasjonal forvaltningsinteresse. Endringa kan føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet.                                  |
| Bustad                                  | 0205_026 | Består av kystlynghei i attgroing. Ligg inntil myr, men denne har truleg dårleg tilstand pga. grøfting. Kystlynghei er i kategorien EN på raudlista for naturtypar, og konfliktnivået vert derfor vurdert som høgt.  |
| Næring                                  | 0205_034 | Består av kystlynghei i attgroing og myr. Kystlynghei er i kategorien EN på raudlista for naturtypar, og konfliktnivået vert derfor vurdert som høgt.  |
| Bustad                                  | 0205_045 | Består av kystlynghei i attgroing og noko fulldyrka jord. Kystlynghei er i kategorien EN på raudlista for naturtypar, og konfliktnivået vert derfor vurdert som høgt.  |
| LNFR spreitt bustad                     | 0205_053 | Består av kystlynghei i attgroing, overflatedyrka jord og bustad. Kystlynghei er i kategorien sterkt trua (EN) på raudlista for naturtypar, og konfliktnivået vert derfor vurdert som høgt.  |
| Fritidsbustad                           | 0205_065 | Består av open fastmark, myr og barskog. Våtmarkssystemet rundt Rotavatnet har stor verdi, og endringa kan medføre sterk konflikt. Området må kartleggast og konsekvensar og avbøtande tiltak må skildrast.  |
| LNFR spreitt bustad                     | 0205_094 | Består av kystlynghei i attgroing. Kystlynghei er i kategorien EN på raudlista for naturtypar, og konfliktnivået vert derfor vurdert som høgt.   |
| Næring                                  | 0205_115 | Består av kystlynghei i attgroing og myr. Kystlynghei er i kategorien sterkt trua (EN), og myr dempar flaum, reinsar vatn, lagrar karbon, er levestad for mange planter og dyr og gir trekkfuglar rasteplass. Konfliktnivået vert vurdert som høgt.              |
| Naust                                   | 0205_117 | Området består av kystlynghei i attgroing. Endringa kan føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet.  |
| Fritid og turisme                       | 0205_123 | Området består av kystlynghei i attgroing. Endringa kan føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet.  |
| Naust                                   | 0205_124 | Området består av kystlynghei i attgroing. Endringa kan føre med seg negative konsekvensar for naturmangfaldet.  |
| Akvakultur                              | 0206_004 | Delar av innspelet overlappar med marint verneområde. Verna grunna særeigne og/eller representative naturtypepane i fjorden og inkludera organismar botnen og i dei frie vassmassane. Større kamskjellførekomstar og i influensområdet. Ærfugl (VU) på Kyrholmen |

### 6.3. Naturressursar

Størstedelen av områda med høgast konflikt er knytt til etablering av akvakulturanlegg og andre typar bygg og anlegg (småbåtanlegg) der det finst låssettingsplassar, rekefelt og gytefelt. Det finst få område med høgt konfliktpotensial på jordbruksareal, og disse områda er knytt til føremål bustad. Eit par hamneområde med låssettingsplassar har høgt konfliktpotensial.

Endringar i strandsona som ligg nær gytefelt og/eller innanfor låssettingsplassar gjev ofte moderat konfliktpotensial. På land gjeld dette i hovudsak innspel knytt til busetnad som ligg delvis innanfor eller nær jordressursar, og i sjø innspelsområde som ligg i nærleiken av ein låssettingsplass, nær fiskeplassar for aktive og passive reiskap, nær område viktig for fiske av sei og krabbe og/ eller nær fiskeriaktivitet med garn. Over halvparten av innspela er vurdert til lågt konfliktpotensial. Ein stor del av disse innspela gjeld område som allereie er bygd ut, og innspela gjeld i særleg grad føremåla andre typar bygg og anlegg (i strandsona) og bustad.

For endringsforslag om akvakultur vil konfliktgrad gå mykje ned dersom areal vert betre tilpassa verdiane. Ein del av det arealet som bør utgå er uansett ikkje egna for akvakultur, t.d inn i grunne farevatn.

| Naturressursar   | Konfliktpotensial  |  |  |
|------------------|--|--|--|
| Tal på endringar | 195  | 111  | 20   |
| Kommentar        | I stor grad område som allereie er bygd ut, i særleg grad knytt til strandsona og busetnadsområde. | Endringar i strandsona og i sjø som ligg nær gytefelt og/eller innanfor låssettingsplassar, og endringar knytt til busetnad som ligg delvis innanfor eller nær jordressursar | Etablering av akvakulturanlegg og andre typar bygg og anlegg der det finst låssettingsplassar, rekefelt og gytefelt. |




|                     |          |  |
|---------------------|----------|--|
| Akvakultur          | 0202_052 | Det er etablert lokalitet i området. I konflikt med område for rekefelt og område viktig for fiske. Konfliktreduserande tiltak: trekke innspel ut av rekefelt.   |
| Næring              | 0203_002 | Mindre del av innspelsområde overlappar med areal som egner seg for oppdyrking til fulldyrka jord. Denne delen har høgt konfliktpotensial. Elles ingen kjente verdiar/ingen kjente, moglege konfliktrar.   |
| Omsynssone ferjekai | 0203_071 | Innspelsområde består av tre areal som eignar seg for oppdyrking til fulldyrka jord. Dette gjev høgt konfliktpotensial.  |
| Bustad              | 0204_008 | Del av innspelsområde består av areal som egner seg for oppdyrking til fulldyrka jord (Nibio). Dette er vurdert som høgt konfliktpotensial.  |
| LNFR spreitt bustad | 0204_037 | Innspelsområde består av innmarksbeite og areal som egner seg for oppdyrking til fulldyrka jord (Nibio) og konfliktpotensial vert vurdert som høgt.  |
| Akvakultur          | 0205_001 | Etablert akvakulturanlegg innafor innspelsområde. Området grenser og dekker del av fiskeplassar for aktive, passive reiskap og fiskeriaktivitet. Dekker og del av rekefelt, akvakultur i nærleiken av dette er i konflikt. Konfliktred. trekke ut av rekefelt. |
| Bustad              | 0205_045 | Innspelsområde er registrert som innmarksbeite og fulldyrka jord. Bustad er i konflikt med innmarksbeite og fulldyrka jord.  |
| Hamn                | 0205_071 | Ikkje registrert kystnære fiskeridata eller fiskeriaktivitet. Omr. registrert som låssettingsplass.  |
| Hamn                | 0205_103 | Ikkje registrert kystnære fiskeridata eller fiskeriaktivitet. Omr. registrert som låssettingsplass.  |
| Småbåtanlegg        | 0205_104 | Ikkje registrert kystnære fiskeridata eller fiskeriaktivitet. Omr. registrert som låssettingsplass.  |

#### 6.4. Friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge

Mange av endringsforslaga har i konsekvensutgreiinga slått negativt ut for friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge. Dette skuldast at svært mange av endringsforslaga omhandlar utbygging som gjev tap av grønstruktur. Endringar i strandsona kan gje auka privatisering og hindra folk å komma til. Dette kan både gjelda at ein ikkje lenger har fysisk tilgang til sjøen, eller indirekte at til dømes båtfolk held seg vekke frå det ein oppfattar som privat område.

Endringane i kommuneplanen omhandlar i stor grad strandsona, og fører til ytterlegare nedbygging og privatisering. Av 326 endringsforslag som er KU og ROS - vurdert, så ligg 161 av dei i eller inn mot kartlagt funksjonell strandsona.

|  |  |  |  |
|--|--|--|--|
| Friluftsliv, nærmiljø<br>Folkehelse, barn og<br>unge | Konfliktpotensial                        |  |  |
| Tal på endringar                                     | 116                                      | 140                                      | 70                                       |
| Kommentar  | Av desse: 20 i<br>funksjonell strandsone | Av desse: 82 i<br>funksjonell strandsone | Av desse: 59 i<br>funksjonell strandsone |



Figur 6-4. Vurdering av konfliktpotensial for tema friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge.

Dei endringsforslaga som både ligg i kartlagt funksjonell strandsone og i område som er kartlagt som friluftslivområde, og der konsekvensutgreiinga viser «gul» og «raud» farge, bør ein ha særleg merksemd på. Dette gjeld 13 endringsforslag:

| UnikID   | Endringsforslag     | Vurdering  | KU |
|----------|---------------------|--|----|
| 0105_034 | Bustad              | Vestre del, vest for vegen, ligg i funksjonell strandsone, og bør utgå. Grensar til registrert svært viktig friluftslivområde Nordrevågen. Leikeplassar i innspelsområde kan inngå i arealføremål bustad (Bebyggelse og anlegg), er forventa ivaretatt.        |    |
| 0202_041 | LNFR spreitt bustad | Austleg del som i dag er LNFR er funksjonell strandsone. Ligg i registrert friluftsområde, nærturterreng Sjenestølen.  |    |
| 0202_045 | Næring og hamn      | Ligg i funksjonell strandsone, og i registrert friluftsområde Drønspollen, som er avsett til friluftsområde i sjø i gjeldande KPA. Næring er meir privatiserande enn naust. Etablering av kai framfor naust vil ytterlegare privatisere strandsona.            |    |
| 0202_054 | Småbåt-anlegg       | Område grensar til og ligg delvis innafor funksjonell strandsone. Område er delvis etablert. Område ligg innafor registrert friluftslivområde. Småbåt-anlegg kan føra til vidare privatisering av strandsona.  |    |
| 0202_056 | Småbåt-anlegg       | Område grensar til funksjonell strandsone og ligg innafor registrert friluftslivområde. Småbåt-anlegg kan føra til vidare privatisering av strandsona.   |    |
| 0202_057 | Småbåt-anlegg       | Område grensar til funksjonell strandsone og ligg innafor registrert friluftslivområde. Småbåt-anlegg kan føra til vidare privatisering av strandsona.   |    |
| 0202_123 | Småbåt-anlegg       | Ligg inn mot funksjonell strandsone, er delvis tatt i bruk til småbåt-anlegg. Ligg innanfor registrert friluftslivområde Blåsterneset (Leike- og rekreasjonsområde). Kulturlandskapsmiljø brukt som rekreasjon av hyttefolk. Avsett friluftsområde i sjø.      |    |
| 0204_001 | Småbåt-anlegg       | Området grensar til funksjonell strandsone og registrert friluftslivområde Blåsterneset (Leike- og rekreasjonsområde). Kulturlandskapsmiljø brukt som rekreasjon av hyttefolk. Er allereie avsett til hamn i gjeldande KPA                                     |    |
| 0205_001 | Akvakultur          | Øyar og holmar ligg i funksjonell strandsone. Ein bør justera seg vekk frå Fruvågen/Termeskjeret i vest (avsett omsynssone friluftsliv), og kartlagde friluftsområde i sjø ved Håvardsholmen, Tovo, Vestre Bakholmen, Litla Flatøya og Klammerholmen.          |    |
| 0205_106 | Småbåt-anlegg       | Ligg innanfor eit friluftsområde registrert som viktig (ID: FK00022255).Områdetypen er «Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». Området ligg og inn mot funksjonell strandsone. Endring vil truleg medføra auka privatisering av området.                 |    |
| 0205_107 | Småbåt-anlegg       | Ligg innanfor eit friluftsområde registrert som viktig (ID: FK00022255); «Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag». Ligg og inn mot funksjonell strandsone. Endring vil truleg medføra noko auka privatisering av området, men området er allereie bygd ut. |    |
| 0205_109 | Småbåt-anlegg       | Området ligg i funksjonell strandsone og innanfor eit viktig friluftsområde (FK00022278). Blir brukt som småbåt-anlegg allereie men ei ytterlegare utbygging vil kunne redusera verdien av området med tanke på bading og leik.                                |    |
| 0206_011 | Akvakultur          | Halve området, særleg del ligg i kartlagt friluftslivområde Holmane aust for Sandtorv - med verdi "noe". Elles ikkje kjende interesser. Bør innskrenkast.  |    |

Sjølv om mange av endringsforslaga omhandlar å leggja til rette for, og vidareutvikle utbygging som allereie har skjedd, så er det om lag 120 forslag som inneber utbygging i

det som i dag er grønstruktur eller naturområde. Dette gjev tap av areal som kan nyttast til tur, naturopplevingar og naturleik. Det er særleg viktig å vera merksam i område nær bustadområde.

Ein del endringsforslag som gjeld nye areal til bustad skjer i område som manglar gang- og sykkelveg, og ligg langt frå skule, leikeplassar, og servicetilbod. Dette er ein konsekvens som først og fremst er vist under tema arealstrategi.

## 6.5. Teknisk infrastruktur

Arealendringar bør føre til at ein utnyttar eksisterande investeringar mest mogleg effektivt. Korte avstandar til eksisterande infrastruktur, alternativt at endringsforslaget ikkje omfattande nye investeringar, har gitt positivt vurdering. Generelt sett vil endringsforslaga føre til ei vidareutvikling av offentleg VA-nett. Mange av områda ligg nær viktig infrastruktur (veg). I kva grad endringane gjev god måloppnåing er synleggjort i tabellane.

| Teknisk infrastruktur | Måloppnåing |    |   |
|-----------------------|-------------|----|---|
| Tal på endringar      | 276         | 47 | 3 |

Tre endringsforslag har låg måloppnåing (raud kategori). To av dei er nr. 0201\_036 og 0201\_038 i Vestre Vinnesvågen, der det ikkje er kjent teknisk infrastruktur i området. Ønska føremål er naust og småbåtanlegg, og det er usikkert kor stort behov det er for veg, VA og straum til dette. Det siste endringsforslaget er 0202\_050 der ein ønskjer næring på ein holme. Området har ikkje kartlagt teknisk infrastruktur, og det er uklart kor stort behov det vil vera for tiltaket som er tenkt.

Teknisk infrastruktur er ikkje vurdert som eit ROS-tema, men i kommunen sin overordna risiko- og sårbaranalyse, er det vurdert risiko for brot på høgspennnett. Her vert det påpeika sårbarheit i visse område på Hundvåkøy, Bakkasund, Kalve, Stora Kalsøy og Stolmen. Det er også risiko knytt til brot i straumforsyninga i innføringsvegar for hovudstraumen til Otterå. I konsekvensutgreiinga er det ikkje vurdert om der er kapasitet i teknisk infrastruktur til å tola endringsforslaget, men ein gjer merksam på at Austevoll sitt VA-anlegg har ikkje optimal kapasitet, og er m.a. sårbart for leiðningbrot. Arealendringar med lang avstand til hovudstamme for VA er generelt ei utfordring. Det er kjent at det er trong for kapasitetsauke for å sikra sløkkevatn i fortettingsområde og i nye bustad- og næringsområde.

Teknisk infrastruktur er lite vektlagt i samla vurdering for kvart innspel.

## 6.6. Ureining, utslepp og vassmiljø

Innspelsområde i sjø er knytt til akvakultur, småbåtanlegg/hamn og vindkraftpark. Nye område for akvakultur er generelt vurdert negativt, til gul eller raud kategori. Akvakultur i område der topografien kan indikera at resipient er meir sårbar enn andre stader er vurdert til raud kategori, det same er område der miljøundersøkingar indikerer at det er forureiningsproblematikk med dagens aktivitet.

Nye område for småbåtanlegg og hamner er oftast vurdert til moderat konfliktpotensial fordi auka båttrafikk og hamneaktivitet aukar risiko for forureining. Fysiske inngrep som utfylling i sjø kan også vera relevant problematikk som må vurderast ved eventuell detaljplanlegging. Mindre område der det allereie er etablert aktivitet, er vurdert til lågt konfliktpotensial, grøn kategori.

Nye utbyggingsområde for til dømes bustad og fritidsbustad er vurdert til lågt eller moderat konfliktpotensial, avhengig av eventuelle tilgrensande vassdrag og tilstand og sårbarheit i nedstraums resipientar.

Det er registrert få område med grunnforureining i Austevoll kommune - dette tydar på at forholda er lite kartlagt. Berre eitt innspelsområde er vurdert ut i frå mistanke om forureina grunn.

| Ureining og utslepp | Konfliktpotensial |     |    |
|---------------------|-------------------|-----|----|
| Vurdering           | 117               | 198 | 11 |

Dei 11 som er vurdert å ha høgt konfliktpotensial for tema ureining og utslepp, omhandlar akvakultur og småbåtanlegg.

| Nytt føremål | UnikID   | Vurdering   |
|--------------|----------|---|
| Hamn         | 0101_038 | Dersom det blir lagt til rette for auka båttrafikk og hamneaktivitet, aukar risikoen for utslepp av miljøskadelege stoff til vatn og låssettingsplass.  |
| Akvakultur   | 0102_008 | Innspelsområdet er i vassførekomst Fugløysundet-Marsteinsålen, som er klassifisert til svært god økologisk tilstand. Akvakultur i området vil gje større utslepp forureining og smittestoff. Plassering i eit grunt og beskytta område gjev auka risiko.    |
| Akvakultur   | 0102_009 | Innspelsområdet er i vassførekomst Horgefjorden, som er klassifisert til god økologisk tilstand. Meir akvakulturverksemd i området vil gje større utslepp av forureining og auka smittepress. B-undersøking i 2021 ga svært dårleg tilstand.                |
| Akvakultur   | 0102_018 | Området er i vassførekomst som er klassifisert til høvesvis god og svært god økologisk tilstand. Meir akvakulturverksemd i området vil gje større utslepp av forureining og smittestoff. Plassering i beskytta område med holmar og skjer gjev auka risiko. |
| Småbåtanlegg | 0104_018 | Dersom det blir lagt til rette for auka båttrafikk og hamneaktivitet, aukar risikoen for utslepp av miljøskadelege stoff til vatn og låssettingsplass.  |



## 6.7. Arealstrategi

I konsekvensutgreiinga har ein lagt til grunn arealstrategi for Austevoll kommune (sjå kap.3.1.3). Her vert senterstrukturen i kommunen definert, og det er gjeve ei kort skildring av mogleg innhald i sentera. Det er fyrst og fremst den geografiske avgrensinga av dei ti sentera som har gitt konkrete føringar for konsekvensvurderinga. Føremål som ein ynskjer skal ligga innafor desse avgrensingane, for dermed å styrka sentera er; bustad, næring, handel og offentlege føremål som skule, barnehage og forsamlingslokale. Av desse nemnde føremåla, er det nesten berre nye endringsforslag som gjeld bustad og næring. Når det gjeld næring er bortimot alle endringsforslaga innafor fiskeri, akvakultur, hamn- og maritim aktivitet og reiseliv. Desse er vurdert å vera knytt til kystlokalitetar og det er difor rekna som akseptabelt at dei ikkje ligg i senterområda.

Det har òg vore ein del innspel som gjeld fritidsbustader. Desse er vurdert at bør ligga utanfor senteravgrensingane, slik at senterareala kan nyttast til bustader og meir allmennyttige føremål. Fritidsbustader kunne med fordel ha vore del av arealstrategien for å unngå at dei vert spreidd i heile kommunen.

Tiltak som er lite/ikkje relevant i høve arealstrategien kan ligga både innafor og utanfor senteravgrensingane, til dømes friluftsområde og småbåtanlegg. Det er svært mange innspel som gjeld småbåtanlegg og ein kunne difor med fordel ha inkludert dette som tema i arealstrategien, eller i eige arbeid (temaplan e.l.).

- Det er 53 endringsforslag om bustad. Mange av dei er i dag LNFR spreitt bustad.
- Det er 38 endringsforslag om LNFR spreitt bustad, 27 av forslaga gjeld areal som heilt eller delvis er i slik bruk i dag.
- Det er 9 endringsforslag om LNFR spreitt fritidsbustad, der 6 av dei gjeld område som allereie er tatt i bruk til slikt formål
- Det er 1 endringsforslag om LNFR spreitt næring, som i dag er naust (0204\_068)

| Arealstrategi    | Måloppnåing   |  |   |
|------------------|---|--|---|
| Tal på endringar | 238   | 38   | 50  |
| Kommentar        | Dette er endringsforslag som er i tråd med arealstrategien, eller der arealføremålet ikkje er relevant. | Dette er forslag til bustad, LNFR spreitt bustad, Hamn, Næring m.m. som ikkje fullt ut bygger opp om målsettinga i arealstrategien, men ligg t.d. like utanfor ei markert nærsenteravgrensing. | Dette er i all hovudsak forslag om endring til bustad og LNFR spreitt bustad, som ikkje stør opp om arealstrategien (dei ligg utanfor senteravgrensinga). |
|                  | 86 av desse gjeld areal som i dag ikkje er utbygd, der 15 av dei omhandlar bustad eller fritidsbustad   | 17 av desse gjeld areal som i dag ikkje er utbygd, der 5 av dei gjeld bustad eller fritidsbustad   | 19 av desse gjeld areal som i dag ikkje er utbygd, og alle gjeld bustad eller fritidsbustad.  |

Det er 50 endringsforslag i kommuneplanen som har låg måloppnåing av arealstrategien. Dette er mange - særleg med tanke på at arealstrategien er laga i samband med planarbeidet for kommuneplanen. Endringsforslaga det gjeld er vist i tabell under. Forslag som gjeld areal som i liten grad er utbygd i dag er vist med utheva skrift i nummeret.

| Nytt føremål        | UnikID          | Vurdering  |
|---------------------|-----------------|--|
| LNFR spreitt bustad | <b>0101_030</b> | Innspelet gjeld bustader og ligg like utanfor sentrumsavgrensinga, men likevel nært sentrum, 500m frå butikk, målt langs vegen.                      |
| LNFR spreitt bustad | 0101_034        | Innspelet gjeld bustad. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| Bustad              | <b>0101_074</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0101_077        | Innspelet gjeld bustad. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| LNFR spreitt bustad | <b>0104_004</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare.  |
| LNFR spreitt bustad | <b>0104_005</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare.  |
| LNFR spreitt bustad | <b>0104_006</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og / eller avgrensing må vurderast nærare |

| Nytt føremål        | UnikID          | Vurdering   |
|---------------------|-----------------|---|
| Bustad              | 0104_042        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er ei lite stykke utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket må vurderast nærare.               |
| Bustad              | 0104_057        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0104_058        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0104_059        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0105_008        | Innspelet gjeld LNFR-spreitt, og området er LNFR i dag. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.                                |
| LNFR spreitt bustad | <b>0105_016</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0105_070        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0105_105        | Innspelet gjeld LNFR-spreitt, bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0105_111        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien. Er allereie bustader i dag                                   |
| Bustad              | <b>0106_026</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er delvis innafor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare.   |
| Bustad              | 0106_067        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0201_002        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | <b>0201_021</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0201_053        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0201_078        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0201_084        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | <b>0202_003</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | <b>0202_025</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er eit stykke utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien. Må vurderast nærare.                              |
| LNFR spreitt bustad | <b>0202_032</b> | Innspelet gjeld LNFR-spreitt, bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | <b>0202_041</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0202_061        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0202_083        | Innspelet gjeld bustader og vil opne for meir bustader enn i dag (som er LNFR-bustad). Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien. |

| Nytt føremål        | UnikID          | Vurdering  |
|---------------------|-----------------|--|
| LNFR spreitt bustad | 0203_028        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| LNFR spreitt bustad | 0203_029        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| Bustad              | 0203_040        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er litt utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare.          |
| LNFR spreitt bustad | 0203_041        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien. Likevel kort veg til skule, idrettsanlegg mm.                     |
| Bustad              | 0203_046        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket kan vurderast.                                    |
| LNFR spreitt bustad | 0203_065        | Innspelet gjeld bustader og vil opne for meir bustader enn i dag. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.                           |
| Bustad              | <b>0204_008</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket er difor ikkje tilrådd                                 |
| Bustad              | <b>0204_020</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket må vurderast.                                     |
| Bustad              | <b>0204_053</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare.          |
| Bustad              | 0204_064        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket må vurderast nærare.                              |
| LNFR spreitt bustad | 0204_111        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| Bustad              | 0204_113        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| Bustad              | 0204_114        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| Bustad              | 0204_123        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket må vurderast nærare.                              |
| Bustad              | <b>0204_126</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare.          |
| Bustad              | 0204_145        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er for det meste utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien og tiltaket og/eller avgrensing må vurderast nærare. |
| Bustad              | <b>0205_045</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er like utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |
| LNFR spreitt bustad | 0205_049        | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| LNFR spreitt bustad | <b>0205_052</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| LNFR spreitt bustad | <b>0205_053</b> | Innspelet gjeld bustader. Arealet er utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.   |
| Bustad              | 0205_114        | Innspelet gjeld bustader. Arealet ligg om lag 200 meter utanfor dei definerte senterområda i arealstrategien.  |



Nokre av sentera framstår òg noko fragmentert (små område, og der nokre ligg like i nærleiken av ein annan). Det er noko uklart kva rolle dei har i høve til kvarandre, og korleis ein skal prioritere mellom dei. Bruken av senternivået «Robuste bygder» er heller ikkje forankra i den regionale planen, og difor litt vanskeleg å vurdere. Her kunne ein med fordel ha halde seg til dei senternivåa som er nytta i den regionale planen.

Det er elles ein del nyttig innhald i den i tekstlege delen av arealstrategien som gjeld funksjonar og kvalitetar i ulike senternivå, og som Austevoll må ta med seg i vidare kommuneplanarbeid, samfunnsplanar og temaplanar.

## 6.8. Samla vurdering av risiko og sårbarheit

Viktige tema i ROS har vore skred i bratt terreng, moglegheit for områdeskred (kvikkleire), sterk vind, havnivå, støy og moglegheit for skogbrann. Gjennomgåande viser ROS-vurderingane at for alle endringsforslag må det gjerast nærare vurderingar dersom området skal utviklast vidare. Det er ingen av endringsforslaga som ut frå ROS-tema kjem i raud kategori og dermed bør avvisast på dette plannivået. Havnivå er ikkje eit vesentleg tema for flytande akvakulturanlegg og vindkraftpark til havs, men kan påverke eventuell infrastruktur på land.

Som risikoreduserande tiltak og tema arealforvaltning er det omtalt at naturfarehendingar inkludert klimaendringar og klimatilpassing blir grundig vurdert både i planprosessar og i den daglege arealforvaltninga.

Område som kan vera aktuelle med tanke på ny busetnad, fortetting eller fornying skal i plankartet merkast med omsynssoner/faresoner dersom ein skal vise aktsemd for naturfare eller det er avdekt reel naturfare. Til omsyns- og faresonene skal det gjevast føresegner m.a. om at det skal vera tilstrekkeleg utgreidd og at eventuelle tryggleiksskapande tiltak skal vera gjort før arealet kan nyttast til ynskt tiltak. Krav til sikkerheit er heimla i plan og bygningslova § 28-1 og 29- 5, samt i kap. 7 i TEK 17 (sikkerheit mot naturpåkjenningar).

## 6.9. Samla konsekvensar

Det er vurdert 326 endringar i kommuneplanen som kan ha konsekvensar for miljø og samfunn. For desse er det og gjort ei overordna vurdering av risiko og sårbarheit.

I samla vurdering viser denne rapporten at for dryge 100 av forslaga er det i dag ikkje kjent tilhøve som skulle tilseie at endringsforslaget ikkje skulle bli tatt inn i kommuneplanen.

| Samla vurderingar |  |   |   |
|-------------------|--|---|---|
| Tal på endringar  | 103  | 143   | 80  |
|                   | <p>Få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege konfliktrar. Ei samla vurdering på tvers av alle tema tilseier at endringa kan tilrådest.</p> <p>For om lag 75% av desse endringsforslaga, så er arealet allereie utbygd / tatt i bruk, heilt eller delvis.</p> | <p>Negative konsekvensar / låg måloppnåing for enkelte tema. For fleire av endringsforslaga kan det vera rom for å få ned konfliktgraden ved justeringar og/eller føresegner for utvikling. For ROS-tema er det vist til forhold som må følgjast opp i neste fase.</p> <p>For om lag 68 % av desse endringsforslaga, så er arealet allereie utbygd / tatt i bruk, heilt eller delvis.</p> | <p>Stort konfliktpotensial og/eller låg måloppnåing for eitt eller fleire tema. For fleire av endringsforslaga kan det vera rom for å få konfliktgraden ned ved justeringar og/eller føresegner for utvikling. For ROS-tema er det vist til forhold som må følgjast opp i neste fase.</p> <p>For om lag 39 % av desse endringsforslaga, så er arealet allereie delvis utbygd eller tatt i bruk.</p> |
|                   | <p>Dei vanlegaste endringsforslaga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Småbåtanlegg og naust: 27 stk.</li> <li>Bustad og LNFR spreitt bustad: 32 stk.</li> <li>Fritid og turisme, og fritidsbustad: 10 stk.</li> </ul>                                  | <p>Dei vanlegaste endringsforslaga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Småbåtanlegg og naust: 52 stk.</li> <li>Bustad og LNFR spreitt bustad: 24 stk.</li> <li>Næring og næring/hamn: 10 stk.</li> </ul>   | <p>Dei vanlegaste endringsforslaga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Bustad og LNFR spreitt bustad: 11 stk.</li> <li>Akvakultur: 7 stk.</li> <li>Småbåtanlegg: 6 stk.</li> </ul>   |

Endringsforslaga i gul kategori er teoretisk sett rekna som «akseptable» med visse atterhald, men det er uheldig å ha mange slike. For Austevoll sitt tilfelle er dette den største kategorien med 143 stk., og illustrerer godt dilemmaet med at mange- og isolert sett «harmlause» endringar vil samla sett gje ein vesentleg konsekvens. Slik vil ein over tid

miste viktige verdier i kommunen, tape opplevingskvalitetar, og gjera område mindre tilgjengelege for innbyggjarane.

Forslag til ny kommuneplan for Austevoll kommune legg til rette for fleire negative konsekvensar for miljø og samfunn, og talet på endringsforslag som er frårådd i konsekvensutgreiinga er høgt. Det er forventa at plangrepet vil gje tap av verdier for landskap, kulturmiljø og natur og biologisk mangfald. Også for tema naturressursar og friluftsliv, nærmiljø, folkehelse og barn og unge er det jamt over negative utslag, og det er mindre sannsynleg at kommunen når målsettingane i vassforvaltninga. I samband med kommuneplanarbeidet er det blitt laga ein arealstrategi. Eit høgt tal av endringsforslaga har låg måloppnåing av denne.


Mange endringsforslag hadde hatt godt av å bli «knadd» meir, for å tilpassa seg verdier betre. Planen har rom for forbetring slik at konfliktar og konsekvensar vert redusert. Følgjande kan gjerast for å få ned konfliktpotensial:

- Gjennomgang av endringsforslag som i samla vurdering for konsekvensutgreiinga er i raud kategori, og vurdere om dei kan tilpassast betre eller utgå. Eksempelvis vil konfliktgrad gå ned dersom areal for akvakultur vert betre tilpassa naturverdiane i området.
- Gjennomgang av nye småbåtanlegg som i samla vurdering er i gul kategori, med mål om å redusera talet.
- Gjera senterstrukturen «strammare», dvs. færre senterområde og mindre utflytande, og gjere ein kritisk gjennomgang av nye bustadområde opp mot forventa behov.
- Vurdera bruk av fleire omsynssoner for å sikra verdier
- Vurdera bruk av fleire retningslinjer i planen for å sikra verdier

I konsekvensutgreiinga for kvart av endringsforslaga vil ein sjå kva konfliktane dreier seg om, og kva tilpassingar som kan gjerast.

I planen vert det tatt fleire positive grep som ikkje kjem fram her, fordi desse arealendingane ikkje utløyser plikt om konsekvensutgreiing. Fleire stader i plankartet er det t.d. gjort reduksjon i areal avsett til LNFR spreitt bustad til fordel for rein LNFR.

Det er og positivt at småbåtanlegg som er blitt etablert får eit arealføremål som samsvarer med bruken. Dette er moment i ei breiare drøfting av plangrepet, og kan vera viktige nyansar som ikkje har vore tema i denne rapporten.



Figur 6-8. Samla vurdering av alle endringsforslaga som er vurderte i konsekvensutgreiing og ROS-analysen

## 7. Kjelder

Akvator 2010. Strandsonekartlegging i Austevoll kommune. Statuskartlegging i 100-metersbeltet.

Austevoll kommune, 2021. Arbeidsutkast til Arealstrategi.

Austevoll kommune 2013. [Overordnet ROS-analyse](#). Tippetue Arkitekter AS.

Austevoll kommune 2016. Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028.

Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal. [Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke](#). Rapport 7-2011. Aurland Naturverkstad for Hordaland fylkeskommune. 2011.

Hordaland fylkeskommune 1989- Verneverdige sjøbruksmiljø i Austevoll kommune.

Hordaland fylkeskommune, 2015. Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel.

Hordaland fylkeskommune, 2012. Rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne BARK

Plan og bygningslova, lovdata.no.

Jord- og skogbruk Gårdskart (Skog og landskap), gardskart.nibio.no.

[Kommunedelplan for kulturminne 2016-2028](#). Austevoll kommune.

[Arealdelen i kommuneplanen 2022](#). Rettleiar. Kommunal- og distriktsdepartementet.

Regional plan for vassregion Hordaland. 2016-2021. Hordaland fylkeskommune (er under revisjon)

Rikspolitiske retningslinene for samordna areal og transportplanlegging, [www.regjeringen.no](#).

Artskart (arter) [www.artsdatabanken.no](#).

Inngrepsfrie naturområde Miljødirektoratet, [kart.naturbase.no](#).

Naturtypar Miljødirektoratet, [kart.naturbase.no](#).

Planlegging i sjøområdene 2020. Veileder. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Utvalde naturtypar Miljødirektoratet, [kart.naturbase.no](#).

Verneområde Miljødirektoratet, [kart.naturbase.no](http://kart.naturbase.no).

Friluftslivområde Miljødirektoratet, [kart.naturbase.no](http://kart.naturbase.no).

Stortingsmelding nr. 26 «Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand»,  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no).

Kulturlandskap Miljødirektoratet, [kart.naturbase.no](http://kart.naturbase.no).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Kommuneplanens arealdel. [Veileder 2021](#)

Nyare tids kulturminne - SEFRAK-registeret.

Riksantikvaren sin nasjonal kulturminnebase 'Askeladden',  
<https://askeladden.ra.no/Askeladden> .

Kulturminnelova, [lovdata.no](http://lovdata.no).

Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven. Statens landbruksforvaltning

Veileder. Kulturminne, kulturmiljøer og landskap. Planlegging etter plan- og bygningsloven.

Versjon II 2016. Riksantikvaren, 2016.

Nasjonalt referansesystem for landskap (Skog og landskap), [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no).

Landskapskonvensjonen, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Støykartlegging SVV

Handlingsplan mot støy 2007-2011, [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no).

Trafikkmengde, [vegkart.no](http://vegkart.no).

Aktsemdskart frå NVE/NVE Atlas og NGI, [atlas.nve.no](http://atlas.nve.no).

Fylkesatlas, [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

Norges vassdrags- og energidirektorat, [www.nve.no](http://www.nve.no).

Miljøstatus.no, [www.miljostatus.no/kart](http://www.miljostatus.no/kart).

Topografiske kart, [kart.finn.no](http://kart.finn.no).

Rapportar og planar

Veileder Konsekvensutredninger. Kommuneplanens arealdel. [T-1493](#),  
Miljøverndepartementet

Stortingsmelding 10 (2016-2017). Risiko i et trygt samfunn. Samfunnssikkerhet. Det kongelige justis- og beredskapsdepartement.

Kommuneplan for Austevoll kommune (gjeldende).

DN-handbok 13 – 2.utgave 2006, oppdatert 2007. Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold.

Veileder til retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).

NVE (2014). Retningslinjer 2/2011, revidert 2014, Flaum og skredfare i arealplanar. Norges vassdrags- og energidirektorat, Oslo.

NVE (2014): Sikkerhet mot skred i bratt terreng – Kartlegging av skredfare i arealplanlegging og byggesak. Veileder 8 – 2014, Oslo.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Veileder til helhetlig risiko- og sårbaranalyse i kommunen, 2014

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Veileder, Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging, 2017





asplan viak



asplan viak